Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten tilhører naturtypen slåttemark av utformingene fattig slåtteeng (ca. 75 %), fattig slåttemarkskant (ca. 15 %) og fattig slåttefukteng (ca. 10 %). Etter NiN 2.0 er det snakk om semi-naturlig eng (T32) av kartleggingsenhetene intermedier eng med klart hevdpreg (T32 C-4), intermedier eng med svakt preg av gjødsling (T32 C-6) og intermedier eng med mindre hevdpreg (T32 C-3) (7:2:1).

Artsmangfold: Vegetasjonen er overveiende preget av naturengarter, herunder en god del gulaks, men også arter som smalkjempe, blåkløkke, tiriltunge, hanekam, legeberonika, kystgriseøre, jordnøtt og beitesvever, samt flekkmariehånd, blåknapp og hvitbladtistel i fuktige områder.

I noe varierende grad forekommer det også arter som tåler svakt gjødsling som kystmaure, englod-negras, sølvbunke, harestarr, engkvein, engsyre, jonsokkblom og rødsvingel.

I vestre deler er det spredt med boreale løvtrær som bjørk og rogn, og enkelte lavvokste einerbusker.

Lokaliteten kan ha potensiale for beitemarkssopp, dette mest i vestre og nordre deler.

Fremmede arter: Det forekommer både sitkagran og platanlønn i kanter.

Skjøtsel og hensyn: Det ville være positivt å fortsette å holde lokaliteten i hevd som slåtteeng. Til fordel for artsmangfoldet bør slåttene helst foretas seint (etter midten av juli), etter at majoriteten av artene har blomstret og satt frø. Høyet bør tørke på bakken før det rakes sammen og fjernes. Fysiske inngrep, gjødsling og tråkkaskader bør unngås.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er gammel slåttemark som er holdt i hevd ved årlig slått med tohjuls-slåmaskin og uten gjødsling. Kun enkelte små partier lengst nord og sørøst blir utelatt eller slått noe uregelmessig, der det er veldig ulendt. I perioder ble det brukt beitepusser i østre deler, noe som har medført svakt gjødslingseffekt. Per i dag ble enga slått, og høyet rakes etter tørking på bakken. Det foregår hverken vår- eller høstbeite på lokaliteten. I sørøst har det nylig blitt gravd med gravemaskin for å legge fiberkabel.

Del av helhetlig landskap: Det forekommer enkelte slåtteenger i området, men de fleste er i brakklegging. Det er kun i begrenset grad snakk om et helhetlig landskap per i dag, men det er potensialet for et landskapsøkologisk sammenhengende nettverk i området.

Verdibegrunnelse: Lokaliteten får høy vekt på størrelse (ca. 23 daa), typevariasjon, tilstand og påvirkning, lav vekt på artsmangfold, og middels vekt på landskapsøkologi. Samlet verdi blir A – svært viktig.



Figur 10 Lokalitet 6 Utigard i Vågsvåg, i Kinn kommune.

6.7 Dalen øst

Kommune: Gloppen

Naturtype: Slåttemark

Utforming: Fattig slåtteeng

Verdi: B (viktig)

Innledning: Lokaliteten er beskrevet av Ulrike Hanssen i Miljøfaglig Utredning 12.09.2021, basert på eget feltarbeid 29.06.2021 på oppdrag av Statsforvalteren i Vestland. Beskrivelse og verdisetting er basert på siste utkast av faktaark fra 2018 til DN Håndbok 13 (Direktorat for naturforvaltning 2007). Rødlistestatus for arter følger norsk rødliste fra 2015 (Henriksen & Hilmo 2015). Rødlistestatus for naturtyper følger norsk rødliste for naturtyper 2018 (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten er en slåtteeng som ligger øst for Dalevatnet, innerst i Gjengedalen i Gloppen kommune. Den grenser i øst mot skog, i sør og sørvest mot beitemark, og i nord og nordøst mot slåttemyr i brakklegging. Lokaliteten består egentlig av 2 slåtteenger som skilles av en liten grøft. De 2 slåtteengene er her sett i sammenheng og har fått en felles beskrivelse. Vestre enga er svakt myrpreget.

Terrenget heller moderat mot sørvest. Jordsmonnet er friskt på enga øst for grøfta, og fuktig på enga vest for grøfta. Berggrunnen består av monzonitt (www.ngu.no). Løsmassene består av usammenhengende eller tynt dekke morenemateriale over berggrunnen. Lokaliteten ligger i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten tilhører naturtypen slåttemark (utforminga fattig slåtteeng). Etter NiN 2.0 er det semi-naturlig eng (T32) av kartleggingsenhetene T32 C-6 intermediær eng med svakt preg av gjødsling og T32 C-8 sterkt kalkrik eng med klart hevdpreg.

Artsmangfold: Vegetasjonen i østre del er preget av svak gjødsling og her forekommer noe gjødseltolerante arter som en god del sølvbunke, engsoleie, blåkåll, gråstarr, hvitbladtistel, rødsvingel, slåttestarr, sløke, føyblom, bekkeblom, skogsnelle og en marikåpe-art. Av naturengarter kan det nevnes gulaks, tepperot, legeveronika og harerug. Den vestre enga virker ugjødslet. Den er svakt kalkrik og fuktig og inkluderer rikmyrsarter som gulstarr, sumphaukeskjegg og svarttopp. I tillegg forekommer her enghumleblom, mjørdurt og flekkmarihånd. Også her er det jevnt spredt med gulaks, det forekommer en del harerug og en ubestemt marikåpe-art.

Bruk, tilstand og påvirkning: Den østre enga virker til dels svakt gjødslet med kunstgjødsel, mens den vestre enga virker tydelig ugjødslet. Per i dag slås engene omtrent hvert år til uregelmessige tidspunkter. Engene er inngjerdet slik at de ikke beites av sau.


På den østre enga står det to hytter, samt flere sittebenker med bord, og lokalt er det en del tråkk nærmest hyttene og rundt utemøblene.

Fremmede arter: Fremmede arter ble ikke observert.

Skjøtsel og hensyn: Det ville være positivt å fortsette å holde lokaliteten i hevd som slåtteeng. Til fordel for artsmangfoldet bør slåtten helst foretas seint (etter midten av juli), etter at majoriteten av artene har blomstret og satt frø. Høyet bør tørke på bakken før det rakes sammen og fjernes. Fysiske inngrep, gjødsling og tråkkskader bør unngås.

Del av helhetlig landskap: Slåtteenger forekommer heller sjeldent i området, og det er ikke snakk om et landskapsøkologisk sammenhengende nettverk.

Verdibegrunnelse: Lokaliteten får høy vekt på størrelse (ca. 3 daa), tilstand og påvirkning, middels vekt på typevariasjon, og lav vekt på artsmangfold og landskapsøkologi. Samlet verdi blir B - viktig.



Figur 11 Lokalitet 7 Dalen øst i Gloppen kommune.

6.8 Klokkargarden aust

Kommune: Luster

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafsløvatnet i Luster kommune, i bakken ovanfor Klokkargarden. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolkning. Lokaliteten grensar mot areal med lågt innslag av indikatorartar for semi-naturleg eng i nord og vest, og areal som er meir gjengrodde i sør og aust. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt og glimmerskifer, som er kalkrike bergartar. I området rundt lokaliteten er det eit tynt eller usamanhengande dekke av morenemateriale over berggrunnen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten har eit nokså høgt feltsjikt og ein del daudt gras i botnsjiktet. Vi registrerte typiske artrar for semi-naturleg eng som sølvmaure, sumpmaure, engnellik (regionalt sjeldan art), engfrytle, legeveronika, bråtestorr, engknoppurt, smalkjempe, flekkgrisøyre (regionalt sjeldan art), tiriltunge, prestekrage, tepperot, gulmaure, kvitmaure og fløyelsmarikåpe. Lokaliteten har dessutan ein del av gjengroingsarten firkantperikum, i tillegg til område med sølvbunkeuer.


Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten har preg av tidleg gjengroing, og det ser ikkje ut til å ha gått beitedyr her dei siste par tiåra. Lokaliteten har gamle spor etter køyring med motorkøyretøy.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap. Rundt garden Kvam er det større areal med intakt naturbeitemark. Om lag ein kilometer lengre nord er det registrert ei stor naturbeitemark med verdi særst viktig. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13.

Skjøtsel og hensyn: For å ta vare på naturtypen og arts mangfaldet som er knytt til han bør området bli beita for å unngå gjengroing. Områda bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til arts mangfaldet.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (4,2 daa), låg vekt på arts mangfald, oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar, får middels vekt på tilstand og låg vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien C (lokalt viktig).



Figur 12 Lokalitet 8-14 ved Kvam på Hafslo, i Luster kommune.

6.9 Klokkargarden nordaust

Kommune: Luster

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Rik beitetørreng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafslovatnet i Luster kommune, i bakken ovanfor Klokkargarden. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolkning. Lokaliteten grensar mot areal med lågt innslag av indikatorartar for semi-naturleg eng. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt og glimmerskifer, som er kalkrike bergartar. I området rundt lokaliteten er det eit tynt eller usamanhengande dekke av morenemateriale over berggrunnen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga rik beitetørreng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg og gjødselspåverknings (T32-C16). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Naturbeitemarka har mykje gulaks, ein del tepperot og kvitmaure, noko gulmaure, firkantperikum, blåklokke, gjeldkarve, skogkløver, tiriltunge og ryllik. I tillegg registrerte vi hårsveve, ettårsknavel, tiriltunge, raudknapp, bråtestorr og engfrytle. Dei fleste av desse artane er gode indikatorar for semi-naturleg eng. Det er potensial for fleire sjeldne og kanskje raudlista artar her.

Bruk, tilstand og påverknings: Naturbeitemarka blir beita av sau, med eit godt tilpassa beitetrykk. I grensa av lokaliteten er det murrestar etter eit mindre hus.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap. Rundt garden Kvam er det større areal med intakt naturbeitemark. Om lag ein kilometer lengre nord er det registrert ei stor naturbeitemark med verdi særst viktig. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13.

Skjøtsel og hensyn: Bruken av området med sau på beite bør halde fram som i dag for å ta vare på naturtypen og arts mangfaldet som er knytt til han. Områda bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til arts mangfaldet.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår ikkje lokaliteten inngangsverdi på storleik (0,4 daa), han får middels vekt på arts mangfald ut frå potensialvurderingar, oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar, får høg vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien C (lokalt viktig).

6.10 Kvam nordaust

Kommune: Luster

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Rik beitetørreng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafslovatnet i Luster kommune, i bakken nedanfor bustadane nordaust for garden Kvam. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolkning. Lokaliteten grensar mot areal med lågt innslag av indikatorartar for semi-naturleg eng og hagar. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt og glimmerskifer, som er kalkrike bergartar. Innanfor lokaliteten var det i hovudsak berg med tynt jordsmonn.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga rik beitetørreng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten om lag 30 % svakt kalkrik tørreng med mindre hevdpreg (T32-C15) i veksling med 70 % open svakt kalkrik grunnlendt lavmark (T2-C6). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Vi registrerte typiske engartar som smalkjempe, blåklokke, gjeldkarve, raudknapp og gulmaure, i tillegg til artar som er knytt til det tørre elementet og den opne grunnlendte marka som lodnefaks, ettårsknavel, sandarve, vårrubblom, småstorkenebb, bakkemynte, granmose og mørk-konglys. Både lodnefaks, vårrubblom, bakkemynte og småstorkenebb er lokalt og/eller regionalt sjeldne artar. Det er potensiale for fleire sjeldne og kanskje raudlista artar her.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er i ekstensiv bruk med sau på beite. Beitetrykket er godt tilpassa den semi-naturlege enga, men det er litt mykje tråkk for artane knytt til den opne grunnlendte marka som tåler slitasje dårlig.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap. Rundt garden Kvam er det større areal med intakt naturbeitemark. Om lag ein kilometer lengre nord er det registrert ei stor naturbeitemark med verdi særst viktig. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13.

Skjøtsel og hensyn: Bruken av området med sau på beite bør halde fram for å ta vare på naturtypen og artsmangfaldet som er knytt til han, det bør vere eit nokså hardt beitetrykk. Landskapet rundt lokaliteten bør bli helde opent slik at tørrbakkane ikkje blir skugga av tre. Områda bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til artsmangfaldet.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten middels vekt på storleik (1,9 daa). Den oppnår ikkje inngangsverdi ut frå observert artsmangfald og raudlisteartar, men får låg vekt ut frå potensial på den siste. Lokaliteten får høg vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Til saman får lokaliteten ut frå dette verdien C (lokalt viktig), men etter ei fagleg skjønnsvurdering

vert verdien føreslege heva til B (viktig) som følgje av at miljøet (artsrike tørrbakkeelement) er svært sjeldne og ganske sterkt truga i dette distriktet.

6.11 Kvam nord

Kommune: Luster

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Rik beiteeng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafslovatnet i Luster kommune, i bakken ovanfor garden Kvam. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i egne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar mot areal med lågt innslag av indikatorartar for semi-naturleg eng, noko meir gjengrodd areal i nord og mot ein annan lokalitet med naturbeitemark i vest. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt og glimmerskifer, som er kalkrike bergartar. I området rundt lokaliteten er det eit tynt eller usamanhengande dekke av morenemateriale over berggrunnen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga rik beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten om lag 70 % svakt kalkrik eng med gjødselspåverknad (T32-C21) og 30 % engliknande oppdyrka mark (T41). Overgangane mellom naturtypane er gradvise og prosentdelane er nokså omtrentlege. Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten hadde ein del av typiske artar for semi-naturleg eng som gulaks, smalkjempe og prestekrage, og noko blåklokke, hårsveve, raudknapp, gjeldkarve, tiriltunge og skogkløver. Lokaliteten hadde spreidd med sølvbunkeuer, og det var noko firkantperikum enkelte stader. Elles kan nemnast funn av artar som ryllik, bleikstorr og sibirbjønnekjeks. Det er potensial for fleire krevjande artar her, kanskje raudlisteartar òg.

Bruk, tilstand og påvirkning: Naturbeitemarke blir beita av sau, med eit godt tilpassa beitetrykk. Grunneigar Tom Idar Kvam fortel at areala ikkje er gjødsle og at det har blitt rydda ein del tre i området for å utvide det opne beitearealet. Det ligg fleire små haugar med greiner og hogstavfall i ytterkantane av lokaliteten og ved steinmurar. Ryddinga kan ha gitt ein svak oppgjødslingseffekt, men det er likevel positivt at områda er opna opp.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap. Rundt garden Kvam er det større areal med intakt naturbeitemark. Om lag ein kilometer lengre nord er det registrert ei stor naturbeitemark med verdi særst viktig. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13.

Skjøtsel og hensyn: Bruken av området med sau på beite bør halde fram som i dag for å ta vare på naturtypen og artsmangfaldet som er knytt til han. Områda bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til artsmangfaldet.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (17,9 daa), høg vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Den oppnår ikkje inngangsverdi på artsmangfald og raudlisteartar, men ut frå potensialvurderingar vert desse set på låg vekt. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien C (lokalt viktig).

6.12 Kvam nordvest

Kommune: Luster

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Rik beiteeng

Verdi: A (svært viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafsløvatnet i Luster kommune, i bakken ovanfor garden Kvam. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i egne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar mot areal med lågt innslag av indikatorartar for semi-naturleg eng i sør, noko meir gjengrodd areal i nord og vest, og mot ein annan lokalitet med naturbeitemark i aust. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt og glimmerskifer, som er kalkrike bergartar. I området rundt lokaliteten er det eit tynt eller usamanhengande dekke av more-nemateriale over berggrunnen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga rik beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C20), med overgangar mot svakt kalkrik eng med gjødselspåverknad (T32-C21). I midtre delar av lokaliteten er det parti med sterkt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C8) der det veks hjartegras og vill-lin. Det er mogleg at det er meir kalkrikt i større deler av lokaliteten, men det er vanskeleg å avgjere utan å undersøke lokaliteten for sopp på hausten. Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018). Lokaliteten har innslag av open grunnlendt mark i nedre delar mot vest. Lengst vest i lokaliteten er det dessutan ein gamal hoppbakke der terrenget er forma slik at marka er forstyrta, området har likevel engartar og engpreg i dag.

Artsmangfold: Lokaliteten hadde ein del finnskjeggtuer, som er ein god indikasjon på ugjødsla mark. Det var òg mykje av typiske artar for semi-naturleg eng som smalkjempe, prestekrage og raudknapp, og noko vill-lin, kamgras, blåklokke, tiriltunge, hårsveve, tepperot, gjeldkarve, gulaks, fløyelsmarikåpe og bleikstorr. I midtre delar av lokaliteten vaks hjartegras (regionalt sjeldan og truga art). I tillegg registrerte vi gulmaure, rundbelg, engknoppurt, bakkeveronika, sandarve, engtjøreblom, eittårsknavel, knegrass, stemorsblom, bakkemynte, kornstorr, legeveronika, tunarve og bakkeforglemmegei. Enkelte parti nord i lokaliteten har ein del einstape. Lokaliteten har høgt potensiale for raudlista beitemarksopp, helst også truga artar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Naturbeitemarke blir beita av sau, med eit godt tilpassa beitetrykk. Grunneigar Tom Idar Kvam fortel at areala ikkje er gjødsla og at det har blitt rydda ein del tre i

området for å utvide det opne beitearealet. Ryddinga kan ha gitt ein svak oppgjødslingseffekt, men det er likevel positivt at områda er opna opp. I den vestlege delen av lokaliteten er det framleis noko gjengroingspreg med ein del tre, og desse gjer at det blir tilført ekstra nitrogen til jordsmonnet og at det blir friskare. Delar av lokaliteten blir vatna når det er tørt, særleg partia med open grunnlendt mark.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap. Rundt garden Kvam er det større areal med intakt naturbeitemark. Om lag ein kilometer lengre nord er det registrert ei stor naturbeitemark med verdi særst viktig. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13.

Skjøtsel og hensyn: Bruken av området med sau på beite bør halde fram som i dag for å ta vare på naturtypen og artsmangfaldet som er knytt til han. Områda bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til artsmangfaldet, vatning har òg ein negativ effekt på karplantefloraen og bør bli unngått. Området rundt hoppbakken og vestover kan med fordel bli rydda og opna opp, her er det òg moglegheiter for å utvide arealet til lokaliteten. Ryddinga bør skje gradvis og i fleire omgangar: først rydde gråor, gran og litt hassel, tynne noko, men la store tre og hasselkratt stå att. Etter første rydding er det viktig å sikre at dyra beiter i området, og særleg held oppslag av gråor nede. Rundt ti år etter første rydding kan ein opne opp meir i området.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (46,7 daa), høg vekt på artsmangfald, oppnår ikkje inngangsverdi på observerte raudlisteartar, men minst middels vekt ut frå potensial. Lokaliteten får middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien A (særst viktig). "

6.13 Skjervaberget sør

Kommune: Luster

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høggøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafsløvatnet i Luster kommune, nordvest for garden Kvam. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolkning. Lokaliteten grensar mot meir gjengrodd areal i alle retningar. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt og glimmerskifer, som er kalkrike bergartar. I området rundt lokaliteten er det eit tynt eller usamanhengande dekke av morenemateriale over berggrunnen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermedier eng med klart hevdpreg (T32-C4). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten var i gjengroing frå kantane og hadde få engartar. Det vart registrert noko finnskjegg og tepperot, elles var det ein del einstape.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ikkje i bruk og er i ein sein gjengroingsfase.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap. Rundt garden Kvam er det større areal med intakt naturbeitemark. Om lag ein kilometer lengre nord er det registrert ei stor naturbeitemark med verdi særst viktig. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13.

Skjøtsel og hensyn: Om lokaliteten blir rydda og teke i bruk med beitedyr vil det vere positivt for arts mangfaldet som framleis har ein del engartar. På sikt vil lokaliteten kanskje gå saman med den større naturbeitemarkslokaliteten som ligg eit lite stykke lengre aust.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten låg vekt på storleik (0,9 daa), oppnår ikkje inngangsverdi på arts mangfald eller raudlistearter, får låg til middels vekt på tilstand og låg vekt på påverknad. Ut frå dette får ikkje lokaliteten ein verdi, men nærleiken til ein større A-lokalitet med berre eit mindre gjengrodd område i mellom gjer at lokaliteten blir set til verdien C (lokalt viktig).

6.14 Lamannsberg vest

Kommune: Luster

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høggøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagt tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafslovatnet i Luster kommune, vest for garden Kvam. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar mot areal med lågt innslag av indikatorartar for semi-naturleg eng i sør og aust, og mot gjengrodd areal/skog i nord og vest. Berggrunnen i området består av fyl-litt og glimmerskifer, som er kalkrike bergartar, og monzonitt som er kalkfattig. I området rundt lokaliteten er det breelavsetningar over berggrunnen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6), med overgangar mot engliknande oppdyrka mark (T41) mot sør og aust. Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten har ein del gulaks, gjeldkarve, skogkløver, hårsveve og ryllik, litt harestorr og firkantperikum.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er i bruk og blir beita med sau.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Rundt garden Kvam er det større areal med intakt naturbeitemark. Om lag ein kilometer lengre nord er det registrert ei stor naturbeitemark med verdi særst viktig. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13. Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap.

Skjøtsel og hensyn: Bruken av området med sau på beite bør halde fram som i dag for å ta vare på naturtypen og artsmangfaldet som er knytt til han. Området bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til artsmangfaldet.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten låg vekt på storleik (0,8 daa), oppnår ikkje inngangsverdi på artsmangfald eller raudlisteartar, får høg vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien C (lokalt viktig). "

6.15 La: Harkebakken

Kommune: Luster

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Rik beitetørreng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 08.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafslovatnet i Luster kommune, i bakken rett ovanfor garden La. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolkning. Lokaliteten grensar mot areal med lågt innslag av indikatorartar for semi-naturleg eng og traktorvegar. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt og glimmer-skifer, som er kalkrike bergartar. I området rundt lokaliteten er det eit tynt eller usamanhengande dekke av morenemateriale over berggrunnen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga rik beitetørreng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg og gjødselspåverknng (T32-C16). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: I lokaliteten registrerte vi typiske artar for semi-naturleg eng som smalkjempe, gulaks, tiriltunge, prestekrage, blåklokke, engfrytle, raudknapp og fløyelsmarikåpe. I tillegg kjem fleire artar som er meir knytt til det tørre elementet: ettårsknavel, småsyre, gjeldkarve, sauesvingel, gulmaure, engtjørebloom, hårsveve og aurikkelsveve. Det vart òg funne mindre kravfulle engartar her, som raudkløver, raudsvingel, engsoleie, kvitkløver, grasstjerneblom, harestorr og vanleg arve. Lokaliteten har truleg ikkje noko potensiale for beitemarksopp.


Bruk, tilstand og påverknng: Lokaliteten blir beita av sau, og for rundt 15 år sidan gjekk det kyr og sau saman på beite. Olav Høyheim Einan som driv garden fortel òg at dei stort sett har hatt beite tidleg på sommaren, før dei har slått ein gong i løpet av sommaren og deretter beite igjen på hausten. Lokaliteten har vorte litt gjødsla dei siste fire åra, etter at tidlegare tilskott vart teke bort.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap. Innanfor ein radius på 2 km er det registrert to større naturbeitemarker med verdi særst viktig og fleire mindre slåttemarkar. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13.

Skjøtsel og hensyn: Bruken av lokaliteten med beite og evt slått bør halde fram som i dag. Lokaliteten bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til artsmangfaldet. Om gjødslinga som er i dag held fram må ein rekne med at verdiane tapar seg og at lokaliteten om få år vil få redusert naturverdi.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten middels vekt på storleik (1,1 daa), låg vekt på artsmangfald, oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar, får middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien C (lokalt viktig).



Figur 13 Lokalitet 15 og 16 på La i Hafslo, Luster kommune.

6.16 La: Ingebjørg

Kommune: Luster

Naturtype: Slåttemark

Utforming: Fattig slåtteeng

Verdi: B (viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 08.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare, men denne kartlegginga vart gjort samtidig som utvalskartlegging av området etter NiN-systemet. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for slåttemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Hafslovatnet i Luster kommune, i bakken ovanfor bustadfeltet aust for garden La. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolkning. Lokaliteten grensar mot areal med lågt innslag av indikatorartar for semi-naturleg eng i alle retningar. Berggrunnen i området består i hovudsak av fyllitt og glimmerskifer, som er kalkrike bergartar. I området rundt lokaliteten er det eit dekke av morenemateriale over berggrunnen.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar slåttemark med utforminga fattig slåtteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten for det meste intermediaær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6), med nokre flekkar av svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg og gjødselspåvirkning (T32-C16). Slåttemarka er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Naturtypen slåttemark (T32 med SP-a) er oppført på raudlista for naturtypar som kritisk trua (CR) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten har mykje gulaks, prestekrage og blåklokke, ein del hårsveve og litt aurikelsveve. I tillegg vart det gjort spreidde funn av typiske artar for semi-naturleg eng som smalkjempe, finnskjegg, flekkgrisøyre (regionalt sjeldan art), tiriltunge, raudknapp, engtjøreblom, gjeldkarve, kvitmaure, tepperot, kornstorr, bråtestorr, engfrytle, fjellmarikåpe, engknoppurt og skogkløver. I tillegg mindre krevjande engplantar som engreverumpe, sølvbunke, engsoleie, grasstjerneblom, raudkløver, raudsvingel, ryllik, eittårsknavel, engrapp og stormaure, samt artar som bleikstorr og grønstorr. I meir fuktige søkk veks kvitblattistel. Lokaliteten har dessutan mykje av gjengroingsarten firkantperikum. Lokaliteten har truleg potensial for noko beitemarksopp.

Bruk, tilstand og påvirkning: Olav Høyheim Einan som driv garden La fortel at dei stort sett har hatt beite med sau tidleg på sommaren, før dei har slått ein gong i løpet av sommaren og deretter hatt sau på beite igjen på hausten. Lokaliteten har vorte litt gjødsla dei siste fire åra, etter at tidlegare tilskott vart teke bort.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der det finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensive drive jordbrukslandskap. Rett nedanfor bustadfeltet er det registrert ei lokalt viktig slåttemark, og det finst to andre små slåttemarker og fleire store naturbeitemarker i området. I tillegg er det registrert fleire lokaliteter med semi-naturlege naturtypar i området under årets NiN-kartlegging og i denne kulturlandskapskartlegginga etter DN-handbok 13.

Skjøtsel og hensyn: Bruken av lokaliteten med beite og slått bør halde fram som i dag. Lokaliteten bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til artsmangfaldet. Om gjødslinga som er i dag held fram må ein rekne med at verdiane tapar seg og at lokaliteten om få år vil få redusert naturverdi.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (2,8 daa), middels vekt på typevariasjon, middels vekt på artsmangfald, høg vekt på tilstand, høg vekt på

påverknad og middels vekt på landskapsøkologi. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).

6.17 Nes: Dokki

Kommune: Luster

Naturtype: Slåttemark

Utforming: Fattig slåtteeng

Verdi: B (viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 07.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 05.06.2021 saman med Geir Gaarder og Ardian Høggøy Abaz (alle frå Miljøfaglig Utredning). Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for slåttemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018). Raudlistestatus er etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018) og risikovurdering av framande artar etter Fremmedartslista (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved nordenden av Veitastrondsvatnet i Luster kommune. Lokaliteten er tredelt og ligg rundt nokre hus på oversida av vegen, der det heiter Dokki. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar mot meir intensivt drive mark, hus, hagar og veg, og i nord og aust mot tidlegare open mark som no er i gjengroing. Berggrunnen i området består i hovudsak av granitt, som er ein kalkfattig bergart, og innanfor lokaliteten finst elve- og bekkeavsetningar.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar slåttemark med utforminga fattig slåtteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten for det meste intermediaær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6). Enkelte stadar finst overgangar mot T41 Engliknande oppdyrka mark, og i ytterkantane er det flekkar som verkar å vere utan gjødselspreg. Slåttemarka er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Naturtypen slåttemark (T32 med SP-a) er oppført på raudlista for naturtypar som kritisk trua (CR) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Slåttemarka har mykje gulaks, ein del tepperot og hårsveve, og noko prestekrage. I tillegg finst typiske artar som semi-naturleg eng som smalkjempe, finnskjegg, raudknapp, blåklokke, tiriltunge, småengcall, kvitmaure, engfrytle, jonsokkoll, engfiol, bråtestorr og lækjeveronika spreidd. Dei to delområda lengst aust har ein del kvitblattistel og mjøduert, og noko einstape, mot ytterkantane som er i gjengroing. For begge desse områda finst dessutan mesteparten av arts mangfaldet i dei øvre delane. Elles har alle delområda ein del av gjengroingsarten firkantperikum, og engsyre og engsoleie finst spreidd. Elles kan nemnast funn av artar som markjordbær, skogsvever, glattmari-kåpe, ryllik, bleikstorr, smalsyre, beitesvever, skogstorkenebb, blåbær, harestorr, myrfiol, raudkløver, slåttestorr, ugrasløvetenner, teiebær, skoggråurt, snauveronika, arve, tveskjeggveronika, fuglevikke, skogmarihand, stormaure, sølvbunke og kvitveis.

Bruk, tilstand og påvirkning: Grunneigar Jens Nes fortel at lokaliteten i lengre tid har hatt gras som har blitt slått og tidlegare hesja. Før 30-talet er det mogleg at det vart dyrka potet og korn på noko av området. I dag blir graset slått for hand og tørka på bakken. Etter graset er slått i juli har dei nokre kalvar på beite i området over husa. Områda er gjødsla litt no og da, for hand frå bøtte. Dei seinare åra har det blitt meir og meir kvitblattistel. Gamle flyfoto frå 1964-65 viser at eit større område rundt lokaliteten har vore opent tidlegare, men dette er no i gjengroing.

Fremmede artar: Fôrvalurt (HI) vart funne i kanten av det vestlege delområdet, ved ein steingard.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg noko isolert til, mellom anna på grunn av topografien med den tronge dalen inn mot breen. I området ut mot Hafslo og Lustrafjorden finst spreidde restar etter semi-naturlege naturtypar i eit elles meir intensivt drive jordbrukslandskap.

Skjøtsel og hensyn: Ein bør halde fram med å slå områda som i dag og tørke graset på staden. Tidspunktet for slått er bra, og bør halde fram med å vere etter at dei fleste artane er har set frø. Etterbeite med kalvar som i dag er òg positivt. Områda bør helst ikkje bli gjødsla med omsyn til artsmangfaldet. Delar av det gjengrodde området ovanfor lokaliteten har potensiale for restaurering om det en ønskeleg å utvide arealet. Særleg i øvre delar av det området som ligg heilt ned mot vegen kan dette vere aktuelt. Det finst ingen andre registrerte slåttemarkar i nærleiken av denne.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (2,2 daa), låg vekt på typevariasjon, middels vekt på artsmangfald, høg vekt på tilstand, høg vekt på påverknad og lokaliteten oppnår ikkje inngangsverdi på landskapsøkologi. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).



Figur 14 Lokalitet 17 Nes: Dokki, Veitstrand i Luster kommune.

6.18 Sætre

Kommune: Lærdal

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: B (viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av feltarbeid utført av Geir Gaarder og Ardian Høggøy Abaz 24.07.2021 (alle frå Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Lærdal kommune, i Erdal. Lokaliteten ligg aust for elva, i den nordvestvendte lia ovanfor garden Sætre. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar mot skog og gjengrodd, tresett beitemark. Berggrunnen i området består i hovudsak av granitt, som er ein kalkfattig bergart. Det er svake ryggjar med lausmassar i lokaliteten og nedover mot elva, av morenemateriale. Lokaliteten ligg i svakt oseanisk seksjon (O1) og i mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten har ein del gjengroing med gråor i tillegg til noko rogn. Gråora gjer at feltsjiktet har ein del av nitrofile artar som bringebær, krypsoleie, timotei og hundekjeks, i tillegg til trivielle engartar som engsoleie, engsyre, engrapp og engreverumpe. Det er òg noko av typiske artar for semi-naturleg eng som kvitmaure, engfiol, gulaks, raudknapp, tepperot, blåklokke, lækjeveronika og fjellmarikåpe. I tillegg finst tørrengartar som dunhavre og gulmaure. Elles kan nemnast artar som tveskjeggveronika, fugletelg, småsyre, grønstorr, myrfiol, sølvbunke, fjøllblom, firkantperikum, ryllik, mjørdurt, tyttebær, hengeving og markjordbær.


Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir truleg beita av geit, men dyra beiter ikkje på gråor. Det er òg ein del halvhøgt gras. Naturbeitemarka er derfor nokså gjengrodd.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i jordbrukslandskapet i den vesle bygda Erdal. Ein del av dette gror igjen, medan andre delar framleis blir halde i hevd, dels òg semi-naturlege enger. Lokaliteten er derfor i nokon grad del av eit større kulturlandskapsområde.

Skjøtsel og hensyn: Alt av lauvkratt bør bli fjerna. Om lokaliteten blir rydda og deretter får eit godt tilpassa (hardare) beitetrykk vil det vere positivt for artsmangfaldet som framleis inkluderer ein del artar typiske for semi-naturleg mark.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (8,9 daa), middels vekt på artsmangfald basert på potensialvurderingar, oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar, får låg vekt på tilstand og middels vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).



Figur 15 Lokaltet 18-21 ved Helland, Sæl og Sætre i Lærdal kommune.

6.19 Sæl sør

Kommune: Lærdal

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: B (viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av feltarbeid utført av Geir Gaarder og Ardian Høggøy Abaz 24.07.2021 (alle frå Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Lokalteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Lærdal kommune, i Erdal. Lokaliteten ligg aust for elva, i den nordvestvendte lia sør for garden Sæl. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar dels mot ung oreskog som har grodd opp på tidlegare open mark, og dels mot meir intensivt utnyttat areal på garden. Berggrunnen i området består i hovudsak av granitt, som er ein kalkfattig bergart. Det er låge ryggar med lausmassar i lokaliteten og nedover mot elva, av morenemateriale. Lokaliteten ligg i svakt oseanisk seksjon (O1) og i mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten har ein del gjengroing med gråor, dette gjer at feltsjiktet har nitrofile artar som hundekjeks, engsvingel og bringebær. Ein del artar typiske for semi-naturleg eng finst òg, som kjertleaugentrøyst, gulaks, blåklokke, raudknapp, sumpmaure, fjellmarikåpe, småengkall, tiriltunge, dunhavre, kvitmaure og lækjeveronika, samt også ein del tørrengartar som gjeldkarve, hårsveve, sauesvingel, engtjørebloom og sølvmore. Elles kan nemnast artar som skogkløver, skogstjerneblom, engrapp, gauksyre, engsyre, sølvbunke, følblom, kvassdå, sløke, markjordbær, ryllik, engsoleie, skogstorkenebb, blåkoll, myrfiol, skogfiol, småsmelle, tyrihjel, engkvein, kvitblattistel og beitesvever.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir truleg beita av geit, men dyra beiter ikkje på gråor. Delar av naturbeitemarka er derfor nokså gjengrodd med gråor. Det er òg ein del halvhøgt gras.

Fremmede artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i jordbrukslandskapet i den vesle bygda Erdal. Ein del av dette gror igjen, medan andre delar framleis blir halde i hevd, dels òg semi-naturlege enger. Lokaliteten er derfor i nokon grad del av eit større kulturlandskapsområde.

Skjøtsel og hensyn: Alt av lauvkratt bør bli fjerna. Om lokaliteten blir rydda og deretter får eit godt tilpassa beitetrykk vil det vere positivt for artsmangfaldet som framleis har ein del engartar.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (12,9 daa), middels vekt på artsmangfald basert på potensialvurderingar, oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar, får låg vekt på tilstand og middels vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).

6.20 Sæl aust

Kommune: Lærdal

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: B (viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av feltarbeid utført av Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz 24.07.2021 (alle frå Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtelskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Lærdal kommune, i Erdal. Lokaliteten ligg aust for elva, i den nordvestvendte lia ovanfor garden Sæl. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i

observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar dels mot ung oreskog som har grodd opp på tidlegare open mark, og dels mot meir intensivt utnytta areal på garden. I nordvest går lokaliteten ned mot vegen. Berggrunnen i området består i hovudsak av granitt, som er ein kalkfattig bergart. I området rundt lokaliteten er det eit dekke av morenemateriale med varierende mektigheit over berggrunnen. Lokaliteten ligg i svakt oseanisk seksjon (O1) og i mellombo-real vegetasjonssone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018). Lokaliteten har dessutan noko rasmarkspreg.

Artsmangfold: Det finst ein del av typiske artar for semi-naturleg eng her, som gulmaure, tepperot, blåkklokke, sumpmaure, raudknapp, gjeldkarve, fjellmarikåpe, gulaks, kvitmaure og dunhavre. I tillegg ein del mindre krevjande og meir eller mindre nitrofile artar som engsmelle, enghumleblom, krypsleie, grasstjerneblom, timotei, ryllik, kvitblattistel, hundekveke, markjordbær, engrapp, fir-kantperikum, fagerperikum, engsoleie, sølvbunke, mjødukt og skogstorkenebb.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten har noko gjengroing med gråor i øvre parti, men er elles relativt open. Lokaliteten blir beita av geit, men dyra beiter ikkje på gråor. Det er òg ein del halvhøgt gras.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i jordbrukslandskapet i den vesle bygda Erdal. Ein del av dette gror igjen, medan andre delar framleis blir halde i hevd, dels òg semi-naturlege enger. Lokaliteten er derfor i nokon grad del av eit større kulturlandskapsområde.

Skjøtsel og hensyn: Alt av lauvkratt bør bli fjerna. Om lokaliteten blir rydda og deretter får eit godt tilpassa beitetrykk vil det vere positivt for artsmangfaldet som framleis har ein del engartar.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (13,2 daa), middels vekt på artsmangfald basert på potensialvurderingar, oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar, får middels vekt på tilstand og middels vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).

6.21 Helland nord

Kommune: Lærdal

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: B (viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 09.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av feltarbeid utført av Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz 24.07.2021 (alle frå Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtelskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), og raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018) og Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Lærdal kommune, i Erdal. Lokaliteten ligg ovanfor vegen, i den søraustvendte lia nord garden Helland. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar mot skog i vest og nord, og vegen i aust, medan det dels er gardstun mv i sør. Berggrunnen i området består av anortositt, som

er ein svært kalkfattig bergart, og fyllitt som er meir kalkrik. I området rundt lokaliteten er det eit dekke av morenemateriale og skredmateriale over berggrunnen. Lokaliteten ligg i svakt oseanisk seksjon (O1) og i mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten litt intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6), men òg ein del ugjødsle eng, dels tørreng (T32-C16) og dels svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C20). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten hadde større parti med typiske tørrbakkeartar som sølvmure, kattefot, vårskrinneblom, engtjørreblom, gjeldkarve, gulmaure, aurikkelsveve, eittårsknavel, sauesvingel og mosar som labbmose og granmose. I tillegg lokalt sparsamt med vårmure (NT – regionalt sjeldan), samt andre naturengplantar som kvitmaure, tepperot, blåklokke, raudknapp, prestekrage, tiriltunge, sumpmaure, blåknapp og engfiol. Av andre artar kan namnast mørkkonslys, bitterbergknapp og fjell-lodnebrege. Det er potensial for beitemarksopp her, også raudlisteartar

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er ein del gjengroing med gråor her, men det meste av dei opne partia er ganske godt nedbeita, helst av hest. Nokre parti i nedre delar ber litt preg av å ha vore vatna i 2021.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i jordbrukslandskapet i den vesle bygda Erdal. Ein del av dette gror igjen, medan andre delar framleis blir halde i hevd, dels òg semi-naturlege enger. Lokaliteten er derfor i nokon grad del av eit større kulturlandskapsområde.

Skjøtsel og hensyn: Alt gråor bør bli fjerna. Om lokaliteten blir rydda og deretter får eit godt tilpassa beitetrykk vil det vere positivt for artsmangfaldet som har ein del engartar og særleg tørrbakkeartar.

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (7,7 daa), middels vekt på artsmangfald basert på potensialvurderingar (mogleg òg høgare), låg vekt på raudlisteartar, får middels vekt på tilstand og middels vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).

6.22 Gram – Gamleøyne - Øyamarka

Kommune: Lærdal

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Rik beiteeng

Verdi: B (viktig)

Innledning: Skildringa er utarbeida 13.09.2021 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av feltarbeid utført av Geir Gaarder og Ardian Høgøy Abaz 24.07.2021 (alle frå Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtelskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018). Raudlistestatus er etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018) og Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Lærdal kommune, på Gram i øvre del av Lærdalen. Lokaliteten ligg nordvest for Smedalselvi i ei søraustvendt lise. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i observasjonar og artsfunn supplert med flyfototolking. Lokaliteten grensar mot skog i nord og vegen, meir intensivt drive mark samt krattskog på flatmark i sør. Delar av lokaliteten er

rasmarksprege (skredmark) og stadvis er marka blokkrik. Berggrunnen i området består av gneis, som er ein svært kalkfattig bergart, men m.a. rasmarkspreget gjer at det er innslag av litt kalkkrevjande vegetasjon her. Lokaliteten ligg i svakt oseanisk seksjon (O1) og i nordboreal vegetasjonssone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga rik beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak svakt kalkrik eng med mindre hevdpreg (T32-C5), men det er noko variasjon, med innslag av både meir kalkfattig mark, samt mindre felt med både tørrbakkar og vekselfuktige sig. Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfold: Lokaliteten er samla sett ganske artsrik, med både ein del engplanter, fjellplanter og dels arter knytt til fuktmark og berghamre. Sjølv om mange artar knytt til semi-naturleg eng er funne, så spelar desse oftast ei mindre framtrедande rolle i engene. Av artar knytt til semi-naturleg eng kan nemnast finnskjegg, dunhavre, raudknapp, tepperot, småengkall, gulaks, sumpmaure, blåklokke, sølvmore, lækjeveronika, hårsveve, harerug, flekkmore, gulmaure, fløyelsmarikåpe, kjertel-augnetrøst, engfrytle, beitesvever og gjeldkarve. Av fjellplantar finst m.a. fjelltimotei, bergveronika, stjernesildre og svartstorr og av kalkkrevjande artar i fuktige sig gulstorr, hårstorr og jåblom. Elles kan nemnast mørk piggstorr, fuglevikke, lintorskemunn, firkantperikum, kvitblattistel, karve, bleikstorr, skogsvinerot, takhaukeskjegg, bergmynte, tyrihjelms, engsmelle, bergrørkvein, småsmelle, burot, fjellflokk, blåratt, bergfrue, småbergknapp, skjørlok og tviskjeggveronika. To raudlistearter er kjent herfrå: hengepiggfrø (NT – sparsom under stor steinblokk) og sommerfuglen alvesmyger (EN – knytt til opne engsamfunn).

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten var tidlegare i lengre tid i bruk som geitebeite, men blir no berre brukt noko av sau vår og haust. Beitetrykket er ganske svakt og det er mykje høgt gras. Det er noko gjengroing med einer og ein del bjørk.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Engsamfunn strekker seg i rasmarka i vest opp mot snaufjellet. Elles ligg garden noko isolert til øvst i dalføret, men mykje skog både nedanfor og oppover dalen.

Skjøtsel og hensyn: Beitetrykket er no for svakt til å halde landskapet ope på sikt, utanfor partia der det regelmessig kjem snøskred. Eit høgare beitetrykk er naudsynt, inkludert bruk av dyr som også beiter ein del lauv (som geit).

Verdibegrunnelse: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (ca 160 daa), middels vekt på artsmangfald, høg vekt på raudlistearter på grunn av alvesmyger (EN) og potensiale for fleire krevjande insektartar, får middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten ein A-verdi, men blir vurdert til ein B-verdi (viktig) grunna svakt beitetrykk. Høgare beitetrykk vil vere positivt for naturverdiane og vil kunne heve verdien.



Figur 16 Lokalitet 22 på Gram i Lærdal kommune.

6.23 Eggjo

Kommune: Lærdal

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Rik beiteeng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 17.09.2021 av Ardian Høgøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 24.08.2021 saman med Geir Gaarder (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Geografi og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på det nordre partiet på garden Eggjo i Lærdal kommune. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonssesjon (O1). Berggrunnen består av bergartane gneis og glimmerskifer, den sistnemnte bergarten kan gje grunnlag til rikare vegetasjon. Lokaliteten er elles omringa av sterkt endra mark i sør og skog i nord.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei naturbeitemark med utforming rik beiteeng. Etter NiN 2.2.0 består lokaliteten av intermediær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-6) i det mest opne partiet i søraust, mens det finst fleire flekkar av grunntypen svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg og gjødselspåvirkning (T32-C-16) lenger nordvest i lokaliteten. All kulturmark-seng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Lokaliteten har preg av tørrengartar som ettårsknavel, gjeldkarve, lodnebregne, stemorsblom, sølvmure, flekkmure og tiriltunge, i tillegg til litt friskare artar som blåklokke, prestekrage, tepperot, gulmaure, kvitmaure, sauesvingel, aurikkelsveve og raudknapp. Skrubbenever veks på berg sentralt i lokaliteten saman med pulverragg. Elles vart det òg registrert småbergknapp og småsmelle på berg, i tillegg til kvassså, jonsokkoll, fuglevikke og sølvbunke i dei meir gjødsle områda i søraust.


Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten blir beita av sau om våren og hausten, og sær i søraust er det ingen teikn til attgroing. Likevel er den delen òg mest prega av gjødsling. Området i nordvest er ikkje i bruk og er noko attgrodd med bjørk og einer, men har likevel god restaureringspotensiale.

Framande artar: Ingen framandartar.

Del av heilskapleg landskap: Mykje av kulturlandskapet har forsvunne i Lærdal grunna intensivering av jordbruket. Lærdalen er likevel eit viktig kjerneområde for kulturmark, og det finst fleire lokalitetar i nærleiken som kan vere aktuell for spreing av engartar.

Skjøtsel og omsyn: For best bevaring av naturmangfaldet bør lokaliteten haldast fram med same hevd. Ideelt bør trea i lokaliteten fjernast for best tilrettelegging av engartane. Gjødsling bør unngåast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår middels vekt på storleik (1,9 daa), låg vekt på artsamangfald og tilstand, og middels vekt på påverknad. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi C, lokalt viktig.



Figur 17 Lokalitet 23 på Eggjo i Lærdal kommune.



Figur 18 Ganske tørre, god nedbeitede engbakker på Eggjo. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.24 Nornes (BN00000538)

Kommune: Sogndal
Naturtype: Naturbeitemark
Utforming: Rik beiteeng
Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 18.06.2021 av Ardian Høgøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 06.06.2021 saman med Sara Margrete Gilberg Nyjordet og Geir Gaarder (begge Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er allereie skildra i Naturbase (BN00000538) men får ein oppdatert omtale.

Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg på sjølve neset, aust for riksveg 13 på Nornes, omlag 15 km sørvest for Sogndal sentrum, Sogndal kommune. Berggrunnen består av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Lokaliteten grensar til strandeng og sterkt endra mark i vest.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er nokså problematisk å kategorisere etter DN men blir i denne vurderinga kategorisert som atypisk naturbeitemark med tanke på førekomst av engartar og kjend hevd. Hovudsakleg består lokaliteten av open grunnlendt intermediar lavmark (T4-C-2) men med innslag av kratt med svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-C-20).

Artsmangfald: Karplantefloraen er prega av artar som vanlegvis førekjem i grunnlendt mark, semi-naturleg eng i tillegg til strandeng. Av gode engartar veks det engknoppurt, tiriltunge, gulaks, smalkjempe, raudknapp, dunhavre, skogkløver, tepperot og engfrytle

Potensialet for sjeldne insektartar er nokså stor. Av artar som veks i grunnlendt mark veks vår-rublom, stankstorkenebb, kantkonvall, vårarve og lodnefaks i området, dei to siste er nokså regionalt sjeldne artar. Elles vart strandengartane strandsmelle, gåsemure og åkerdylle registrert i grensa mot vest.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten blir beitet av sau om hausten og har tidlegare vore beita av hest om sommaren. Beitetrykket er nokså lågt og lokaliteten er ein del attgrodd i dei semi-naturlege områda med store tre av bjørk, osp, gråor og rogn. I den grunnlendte marka er det ein del attgroing med einer. Elles er området ikkje påverka av noko fysiske inngrep eller gjødsling.

Framande artar: Ingen registrert.

Del av heilskapleg landskap: Det er verdt å nemne at denne utforminga for semi-naturleg mark finst ikkje elles i kommunen. Lokaliteten ligg nokså isolert frå andre lokalitetar av semi-naturleg mark i området.

Skjøtsel og omsyn: Dersom ein ønskjer å ta vare på arts mangfaldet bør området ha større beite-trykk enn dagens hevd, helst med geit for å kunne fjerne vedplantene i løvkrattene.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår høg vekt på storleik (50 daa), middels vekt arts mangfald (hovudsakleg grunna potensiale for insektartar), låg vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 19 Lokalitet 24 Nornes i Sogndal kommune.



Figur 20 Partier av neset er delvis bevokst med lauvskog. Foto: Ardian Høgøy Abaz.



Figur 21 Mye av neset er svært grunnlendt med lav- og mosebevokst berg og einerkratt. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.25 Vestreim: Sjurdaalen (BN00000499)

Kommune: Sogndal
Naturtype: Slåttemark
Utforming: Rik slåtteeng
Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 06.06.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 06.06.2021 saman med Sara Margrete Gilberg Nyjordet og Geir Gaarder (begge Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar dei opne areala langs den vestre delen av Vestreim gard i Kaupanger, Sogndal kommune. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og svak oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Berggrunnen består av bergartane anortositt og gabbro, den sistnemnde gjev grunnlag til noko rikare vegetasjon. Arealet grensar til skog i vest og meir gjødsla mark i aust.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei slåttemark av den rikare utforminga med òg preg av beite. Etter NiN er lokaliteten i hovudsak i ein nokså vag overgang mellom oppdyrket mark med preg av semi-naturleg eng (T41-C-1), og svakt kalkrik semi-naturleg eng med klart hevdpreg (T32-C-20). Eit avgrensa areal i vest for inngjerdinga verker nokså eldre og har noko meir biologisk verdifullt mangfald på grunn av mindre gjødslingseffekt. Slåttemark er kritisk truga (CR) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: I dei mest påverka areala finst det gode engartar som aurikkelsveve, kvitmaure, gulaks, blåklokke, fløyelsmarikåpe, smalkjempe, skogkløver, knollerteknapp, engfrytle, tiriltunge, tepperot, prestekrage, gjeldkarve og harerug. Av indifferente artar veks det småengkall, fuglevikke og jonsokoll i lokaliteten. Elles veks det store delar av nitrogenelskande artar som ryllik, engsoleie, hundegras, engreverumpe, engrapp og sølvbunke, og litt mjøddurt i dei friske partia.

Arealet i vest nær brua som går mot det store partiet i vest veks det hjartegras, ein god kalkindikator. Lengst vest kor det er preg av attgroing veks det òg andre engartar som nattfiol, finnskjegg, bråtestorr, hårsveve, rødsvingel og engknoppurt. Der er området òg meir prega av skogsvegetasjo

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har noko spor etter gjødsling med tanke på god førekomst av nitrogentolerante artar. Lokaliteten skal ikkje ha vore pløge dei siste 50 åra.


I dag haldast lokaliteten fram med noko slått, med unntak av det minst påverka partiet heilt i vest for gjerda, som er i noko attgroing. Der er det òg spor etter jordmaurtuer og fleire skot av tre har sprunge opp, blant anna av lønn og ask.

Framande artar: I det arealet kor det er attgroing veks det små skot av platanlønn (SE; Svært høyrisiko).

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit større innmarksareal med fleire enger samt jordbruksareal. Fleire kulturmark finst i nærleiken i Kaupanger.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet bør lokaliteten halde fram å bli slått/beitet. Platanlønna i området bør fjernast ved rota og førekomsten av gjengroingsartar bør minskast. Gjødsling bør også unngåast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår høg vekt på storleik (20 daa), låg vekt på artsmangfald, låg vekt på raudlisteartar, middels vekt på tilstand og påverknad, og låg vekt på landskapsøkologi. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 22 Lokaltet 25-29 på Vestrheim, Sogndal kommune.



Figur 23 Det er velhevdet, om enn ikke spesielt artsrik slåtteeng på Sjurdalen. Foto: Ardian Høggøy Abaz.



Figur 24 Litt mer blomsterrike partier opp mot gardstunet. Foto: Ardian Høggøy Abaz.



Figur 25 Vestre deler av slåtteengene, sett mot nord. Foto: Ardian Høggøy Abaz.



Figur 26 Partier av slåtteengene i nordvest. Foto: Ardian Høggøy Abaz.

6.26 Vestreim: Øvrebøen

Kommune: Sogndal
Naturtype: Slåttemark
Utforming: Rik slåtteeng
Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 17.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 06.06.2021 saman med Sara Margrete Gilberg Nyjordet og Geir Gaarder (begge Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar dei opne areala langs den vestre delen av Vestreim gard i Kaupanger, Sogndal kommune. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og svak oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Berggrunnen består av bergartane anortositt og gabbro, den sistnemnde gjev grunnlag til noko rikare vegetasjon. Arealet grensar til skog i vest og meir gjødsla mark i aust.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei slåttemark av den rikare utforminga med òg preg av beite. Etter NiN er lokaliteten i hovudsak i ein nokså vag overgang mellom oppdyrket mark med preg av semi-naturleg eng (T41-C-1) i sør, og svakt kalkrik semi-naturleg eng med klart hevdpreg (T32-C-20) lenger nord. Slåttemark er kritisk truga (CR) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Dei beste engartane som veks i området er gulaks, blåknapp, gulmaure, hjartegras, kvitmaure, knollerteknapp, smalkjempe, raudknapp, tepperot, tiriltunge, knegras, engfrytle, små-engkall, gulmaure og gjeldkarve. Artsmangfaldet er størst lengst nord i lokaliteten (kor det samtidig er attgroing).

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har noko spor etter gjødsling med tanke på god førekomst av nitrogentolerante artar lengst sør, men dette preget forsvinn lenger nord. Lokaliteten skal ikkje ha vore ploge dei siste 50 åra. Området blir slått og beita av hest, men det nordlegaste partiet er i noko attgroing med yngre skot av bjørk.

Framande artar: Ingen registrert.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit større innmarksareal med fleire enger samt jordbruksareal. Fleire kulturmark finst i nærleiken i Kaupanger.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsamangfaldet bør lokaliteten halde fram å bli slått/beitet. Gjødsling bør unngåast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår høg vekt på storleik (4 daa), låg vekt på artsamangfald, låg vekt på raudlisteartar, middels vekt på tilstand og påverknad, og middels vekt på landskapsøkologi. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 27 Øvre deler av enga. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.27 Vestreim: Skrikaruri

Kommune: Sogndal
Naturtype: Slåttemark
Utforming: Rik slåtteeng
Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 17.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 06.06.2021 saman med Sara Margrete Gilberg Nyjordet og Geir Gaarder (begge Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit areal på nordsida av Vestreim gard i Kaupanger, Sogndal kommune. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonsone og svak oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Berggrunnen består av bergartane anortositt og gabbro, den sistnemnde gjev grunnlag til noko rikare vegetasjon. Arealet grensar til skog i vest, noko attgrodd kulturmark i nord og meir gjødsla mark i aust.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei slåttemark av den rikare utforminga med òg preg av beite. Etter NiN er lokaliteten i hovudsak i ein nokså vag overgang mellom oppdyrket mark med preg av semi-naturleg eng (T41-C-1) i sør, og svakt kalkrik semi-naturleg eng med klart hevdpreg (T32-C-20) lenger nord. Slåttemark er kritisk truga (CR) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Dei beste engartane som veks i området er

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har noko spor etter gjødsling med tanke på god førekomst av nitrogentolerante artar lengst sør, men dette preget forsvinn lenger nord. Lokaliteten skal ikkje ha vore ploge dei siste 50 åra. Området blir slått og beita av hest, men det nordlegaste partiet er i noko attgroing med yngre skot av bjørk.

Framande artar: Ingen registrert.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit større innmarksareal med fleire enger samt jordbruksareal. Fleire kulturmark finst i nærleiken i Kaupanger.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet bør lokaliteten halde fram å bli slått/beitet. Gjødsling bør unngåast. Det står òg ein steinmur øvst nordaust i lokaliteten, med ein inngjerding nokre meter lenger sør. Gjerdet burde flyttast opp mot muren, kor det finst ein god bestand av hjar-tegras.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår høg vekt på storleik (4 daa), låg vekt på artsmangfald, låg vekt på raudlisteartar, middels vekt på tilstand og påverknad, og middels vekt på landskapsøkologi. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 28 Det er tendenser til gjengroing her, med oppslag av enkelte små trær. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.28 Vestreim nord hagemark

Kommune: Sogndal
Naturtype: Hagemark
Utforming: Rik hagemark
Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 17.09.2021 av Ardian Høgøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 06.06.2021 saman med Sara Margrete Gilberg Nyjordet og Geir Gaarder (begge Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar det nordlegaste arealet, i bruket på Vestreim gard i Kaupanger, Sogndal kommune. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og svak oseaanisk vegetasjonsseksjon (O1). Berggrunnen består av bergartane anortositt og gabbro, den sistnemnde gjev grunnlag til noko rikare vegetasjon. Arealet grensar til skog i nord, og er elles omringa av open kulturmark.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei hagemark med utforming rik hagemark med boreale lauvtre. Det finst mest store bjørketre i området, men det finst òg furutre og store ospetre. Etter NiN er lokaliteten ein svakt kalkrik semi-naturleg eng med klart hevdpreg (T32-C-20). All kulturmarkseng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Artsmangfaldet er nokså lågt men dei beste engartane som veks i lokaliteten er skogsvever, blåklokke, engfrytle, gulaks, kvitmaure, smalkjempe og tepperot.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten blir ganske ekstensivt beita av hest. Lokaliteten er i brakkleggingsfase med spreidde små skot av bjørk og einer.

Framande artar: Ingen registrert.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit større innmarksareal med fleire enger samt jordbruksareal. Fleire kulturmark finst i nærleiken i Kaupanger.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på arts- og mangfaldet bør lokaliteten halde fram å bli beitet. Attgroingstre bør fjernast og gjødsling bør unngåast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår middels vekt på storleik (4 daa), låg vekt på typevariasjon og arts- mangfald, middels vekt på tilstand, høg vekt på påverknad, og middels vekt på landskapsøkologi. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 29 Bjørkehagen blir fortsatt noe beitet, mens trærne har varierende tilstand. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.29 Vestreim aust hagemark

Kommune: Sogndal
Naturtype: Hagemark
Utforming: Rik hagemark
Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 17.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 06.06.2021 saman med Sara Margrete Gilberg Nyjordet og Geir Gaarder (begge Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar det austlegaste arealet, i bruket på Vestreim gard i Kaupanger, Sogndal kommune. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og svak oseanisk vegetasjonssesksjon (O1). Berggrunnen består av bergartane anortositt og gabbro, den sistnemnde gjev grunnlag til noko rikare vegetasjon. Arealet grensar til skog i aust, og er elles omringa av open kultur- og jordbruksmark.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei hagemark med utforming rik hagemark med boreale lauvtre. Det finst mest store bjørketre i området, men det finst òg furutre og store ospetre. Etter NiN er lokaliteten ein mosaikk svakt kalkrik semi-naturleg eng med klart hevdpreg (T32-C-20) og svakt kalkrikt eng med svakt preg av gjødsling (T32-C-21). All kulturmark-seng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Artsmangfaldet er veldig lågt og glissent, men av engartar veks det blåklokke, knollerteknapp, kvitmaure, gulaks, harerug og blåknapp, i tillegg til markjordbær.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten blir ekstensivt beita av hest, men lokaliteten har noko preg av gjødsling. Det er ingen attgroing i lokaliteten.

Framande artar: Ingen registrert.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit større innmarksareal med fleire enger samt jordbruksareal. Fleire kulturmark finst i nærleiken i Kaupanger.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet bør lokaliteten halde fram å bli beitet.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår middels vekt på storleik (5 daa), låg vekt på typevariasjon og artsmangfald, middels vekt på tilstand, høg vekt på påverknad, og middels vekt på landskapsøkologi. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 30 Hagemarka er nokså tett, men har et ganske sammenhengende feltsjikt. Foto: Ardian Høggøy Abaz.

6.30 Bellen aust

Kommune: Stad

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 08.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 04.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Geografi og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Bellen gard nær Dalsbøvatnet i Stad kommune. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen består hovudsakleg av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei naturbeitemark med utforming fattig beiteeng. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten ei intermediar eng med ekstensivt og svakt intensivt hevdpreg (T32-C-4). All kulturmarkseng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Artsmangfaldet i lokaliteten er nokså fattig, med engartar som tiriltunge, blåklokke, lækjeveronika, engfiol, bråtestorr, engfrytle, gulaks, bleikstorr og blåknapp. Av indifferente artar veks kystgrisøyre, englodnegras, kusymre, einer, bjørnekam, blåbær, jordnøtt, krattlodnegras, raudsvingel, engrapp, småsyre, myrtistel, arve, sølvbunke, smyle, kvitbladtistel og geitsvingel i området.

Elles består lokaliteten sparsamt av artar som tolererer gjødsling, som engsyre, ryllik, blåkoll og kvitkløver.


Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er lite prega av gjødsling, og blir beita ekstensivt av sau. Det er noko attgroing i lokaliteten, med førekomst av einer.

Framande artar: Ingen framandartar vart registrert i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein av få kulturlandskapslokalitetar i nærområdet, og området rundt er elles sterkt påverka av gjødsling.

Skjøtsel og omsyn: Dersom ein ønskjer å ta vare på artsmangfaldet bør ein halde fram med beite og unngå fysiske inngrep og gjødsling.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår låg vekt på storleik (0,8 daa), artsmangfald og raudlisteartar, midtels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi C, lokalt viktig.



Figur 31 Lokalitet 30 og 31 på Bellen i Stad kommune.



Figur 32 Utsnitt fra beitemarka. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.31 Bellen nordaust

Kommune: Stad

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 08.09.2021 av Ardian Høgøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 04.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten er ein nokså bratt beitemark som ligg på den nordaustre enden av Bellen gard, nær Dalsbøvatnet i Stad kommune. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonssesksjon (O3). Berggrunnen består hovudsakleg av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon. Lokaliteten er ein noko rikare kantvegetasjon samanlikna med resten av garden som er mykje meir prega av gjødsling.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei naturbeitemark med utforming fattig beiteeng. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten ei intermediær eng med ekstensivt og svakt intensivt hevdpreg (T32-C-4). All kulturmarkseng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Artsmangfaldet i lokaliteten er nokså fattig, med med engartar som gulaks, engkvein, tepperot, blåklokke, lækjeveronika, engfiol, smalkjempe, tirlunge, heistorr, knegras, blåknapp og finnskjegg. Av indifferente artar veks det mellom anna kystgrisøyre, jordnøtt og einer i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:

Framande artar: Ingen framandartar vart registrert i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein av få kulturlandskapslokalitetar i nærområdet, og området rundt er elles sterkt påverka av gjødsling.

Skjøtsel og omsyn: Dersom ein ønskjer å ta vare på artsmangfaldet bør ein halde fram med beite og unngå fysiske inngrep og gjødsling.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår låg vekt på storleik (0,6 daa), artsmangfald og raudlisteartar, midt vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi C, lokalt viktig.



Figur 33 Det er plantet siktagran rett på utsiden av beitemarka. Foto: Ardian Høggøy Abaz.

6.32 Hundvika sør

Kommune: Stad

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 08.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 03.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtelskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein sørvendt li ved Hundvika i Stad kommune. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen består hovudsakleg av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei naturbeitemark med utforming fattig beiteeng. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten ei intermedier eng med ekstensivt og svakt intensivt hevdpreg (T32-C-4). All kulturmarkseng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Enga er ein engkvein-gulaks dominert eng med innslag av andre grasarter som krattlodnegras, raudsvingel, sauesvingel, raigras, engrapp og englodnegras. Av nitrofile artar og artar som indikerar påverknad veks det hundegras, timotei, engsvingel, engsyre, engsoleie, stormaure, tviskjeggveronika, grasstjerneblom, kvitkløver, ryllik, stornesle, mjørdurt, hundekjeks, harestarr, høymol og byhøymol. Betydelig del av enga består av lavvokste engarter som blåklokke, engfrytle, gulaks, tiriltunge, beitesvever, bleikstarr, hårsveve, tepperot og smalkjempe. Elles veks det òg indifferente samt skogsartar som rødkløver, nyseryllik, jordnøtt, kvitbladtistel, myrtistel, skogsnelle, firkantperikum, revebjelle, lyssiv, fuglevikke, gjerdevikke, skogstorkenebb. Eit lite askeskot stikk opp i vest.


Bruk, tilstand og påverknad: Området blir beita av sau om våren og slått ein gong om sommaren. Lokaliteten blir ikkje gjødsla. Nokre delar av området kor det renn vatn gjennom er det noko effekt frå gjødsel frå området over. Det står ca. 8 frukttre i området, rundt desse trea er det òg noko meir nitrogenprega jordsmonn.

Framande artar: Ingen nasjonale framandartar vart registrert men artar som byhøymol og engsvingel er lokale framandartar.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit større jorde, og det er hovudsakeleg sterkt endra mark i nærområdet.

Skjøtsel og omsyn: Dersom ein ønskjer å ta vare på artsmangfaldet bør ein halde fram med samme preg og unngå fysiske inngrep og gjødsling. Framandartar bør fjernast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår låg vekt på artsmangfald, og middels vekt på raudlisteartar, storleik (1,7 daa) og tilstand. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 34 Lokalitet 32 og 33 på Hundvika i Stad kommune.



Figur 35 Deler av enga. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.33 Hundvika sør

Kommune: Stad

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: C (lokalt viktig)

Innleiiing: Lokaliteten er skildra 08.09.2021 av Ardian Høgøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 03.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein sørvendt li ved Hundvika i Stad kommune. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen består hovudsakleg av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei naturbeitemark med utforming fattig beiteeng. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten ei intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4). All kulturmarkseng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Av typiske engartar som har låg toleranse for gjødsling veks det blåklokke, gulaks, engfrytle, engkvein, tepperot, tirltunge og smalkjempe. Elles har lokaliteten ein del av indifferente artar som engrapp, jordnøtt, raudsvingel, englodnegras, ryllik, blåkoll, rødkløver, fuglevikke, firkantperikum, revebjølle og sølvbunke. Av indikatorar for gjødsling veks det byhøymol, tviskjeggveronika, harestorr, grasstjerneblom, engsvingel, engsyre, engsoleie og hundegras.

Bruk, tilstand og påverknad: Området blir beita av sau om våren og slått ein gong om sommaren. Lokaliteten blir ikkje gjødsla.

Framande artar: Ingen nasjonale framandartar vart registrert men artar som byhøymol og engsvingel er lokale framandartar.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit større jorde, og det er hovudsakeleg sterkt endra mark i nærområdet.

Skjøtsel og omsyn: Dersom ein ønskjer å ta vare på artsmangfaldet bør ein halde fram med same preg og unngå fysiske inngrep og gjødsling. Framandartar bør fjernast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår låg vekt på storleik (0,6 daa), ingen vekt på raudlisteartar, låg vekt på kjenneteiknande artar, og høg vekt på tilstand og påverknad. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi C, lokalt viktig.



Figur 36 Kantsoner av enga mot nord. Foto: Ardian Høggøy Abaz.

6.34 Berstad slåttemark (BN001 18950)

Kommune: Stad

Naturtype: Slåttemark

Utforming: Frisk fattigeng

Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 17.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 04.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtelskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i

Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten er tidlegare skildra av Sandvik (2014) i Naturbase (BN00118950) og får ein oppdatert omtale og forslag til ny avgrensing.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein svakt austvendt li på Berstad i Kjølisdalen, Stad kommune. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen består hovudsakleg av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei slåttemark med utforming frisk fattigeng. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten hovudsakleg ei intermedier eng med klart hevdpreg (T32-C-4). Slåttemark er kritisk truga (CR) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Lokaliteten består av sju delpopulasjoner av solblom (VU) i tillegg til ein delpopulasjon funne like utanfor inngjerdinga i sør. Det veks òg ein del andre engartar i lokaliteten, som blåknapp, heistorr, raudkløver, kystgrisøyre, smalkjempe, finnskjegg, heisiv, aurikkelsveve, jordnøtt, flekkmarhand, bleikstorr, engkvein, tepperot, bråtestorr, raudsvingel, engfrytle, engfiol, blåklokke, og harerug. Andre artar som vart registrert inkluderar ryllik, engsoleie, fyllblom, firkantperikum, blåkoll, bjørnekam, øyrevier, kvitveis, blåbær, knappisiv, engrapp, myrfiol, myrtistel, engsyre, kornstorr, slåttestorr, vendelrot, skogstjerne, skogburkne, legeveronika, sløke, marikåpe (*Alchemilla* sp.) og smyle.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten blir slått og raka etter frøsettinga, og er inngjerda frå all beitedyr. Det er ingen teikn til attgroing i lokaliteten. Ein stor einerbusk står i lokaliteten i tillegg til bjørketre langs inngjerdinga. Lokaliteten har ikkje noko teikn til gjødsling.

Framande artar: Ingen framandartar vart registrert innanfor avgrensinga til lokaliteten, men fleire gran, som er ein lokal framandart, står utanfor inngjerdinga.

Del av heilskapleg landskap: Kulturlandskap held på å forsvinne i Stad kommune og bli erstatta med sterkt endra mark, og denne lokaliteten er ein av dei få semi-naturlege enga som står att i kommunen. Dette er ein av to registrerte lokalitetar (per dags dato) som finst i Kjølisdalen, og det er fleire kilometer til næraste kulturmark.

Skjøtsel og omsyn: For best bevaring av naturmangfaldet bør lokaliteten haldast fram med same hevd. Ideelt bør attgroingsartar, og tre både i og rundt lokaliteten fjernast for best tilrettelegging av engartane. Inngjerdinga kan gjerne utvidast til føreslått lokalitetsareal slik at solblomen utanfor inngjerdinga får same hevdregime. Gjødsling bør unngåast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår låg vekt på storleik (0,3 daa) og typevariasjon, middels vekt på artsamangfald, tilstand og påverknad, og låg vekt landskapsøkologi. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 37 Lokaltet 34 Barstad i Stad kommune.



Figur 38 Lokalteten er inngjerda for å skjerme solblomen. Foto: Ardian Høggøy Abaz.

6.35 Sevland (BN00118949)

Kommune: Stad

Naturtype: Slåttemark

Utforming: Frisk fattigeng

Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 18.09.2021 av Ardian Høgøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 04.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten er tidlegare skildra av Sandvik (2014) i Naturbase (BN00118949) og får ein oppdatert omtale og forslag til ny avgrensing.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein svakt sørvendt li på Sevland, på nordsida av Eidfjorden i Stad kommune. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Berggrunnen består av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon. Lokaliteten grensar til attgrodd høgstaudeskog og elles sterkt endra innmark.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei slåttemark med utforming frisk fattigeng. Arealet har ein veg som går gjennom lokaliteten frå vest til aust og har ein nokså meir påverka eng på sørsiden. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten hovudsakleg ei intermediaær eng med klart hevdpreg (T32-C-4) nord for vegen, mens arealet sør for vegen kategoriserast som intermediaær eng med ekstensivt og svakt intensivt hevdpreg (T32-C-6). Lokaliteten er betydeleg meir frisk i vest mot skogen i vest. Slåttemark er kritisk truga (CR) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Lokaliteten har ein god bestand av grov nattfiol (ca. 80 blomar). Av andre engartar vart det registrert gulaks, blåklokke, blåknapp, prestekrage, engkvein, raudsvingel, flekkmarihand, jordnøtt, smalkjempe, tepperot, engfrytle og bleikstorr. Dei fire førstnemnde artane veks òg ein del av sør for vegen. Det vart òg registrert ein god del mjødurtt og kvitbladtistel i dei meir friske partia i vest. Elles vart det registrert grasstjerneblom, ryllik, skogstorkenebb, kvitkløver, følblom, firkantperikum, sløke, sumphaukeskjegg, blåkoll, engsoleie, krattlodnegras, engsyre, englodnegras, sølvbunke, timotei, raudkløver og nyseryllik i lokaliteten.


Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten blir slått om våren og beitet av to sauer og ein hest om hausten. Sidan førre skjøtselsplan har området blitt rydda av tre (Sandvik 2014).

Framande artar: Små skot av platanlønn (SE) veks i lokaliteten i aust, og har truleg spreidd seg frå nærstående tre i aust. I vest veks det òg ca. fem plantar av prydstorklokke (LO).

Del av heilskapleg landskap: Kulturlandskap held på å forsvinne i Stad kommune og bli erstatta med sterkt endra mark, og denne lokaliteten er ein av dei få semi-naturlege enga som står att i kommunen. Lokaliteten ligg nokså isolert frå andre lokalitetar.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet bør området ha kortare vårbeite og lenger haustbeite etter at frøspreiinga har skjedd. Framandartar bør fjernast og lokaliteten bør ikkje gjødslast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår høg vekt på storleik (1,5 daa), låg vekt på typevariasjon og artsmangfald, god vekt på tilstand, middels vekt på påverknad og låg vekt på landskapsøkologi. Samla verdi blir vurdert til B (viktig).



Figur 39 Lokaltet 35 Sevland i Stad kommune.



Figur 40 Delar av enga. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.36 Indre Totland aust (BN00003012)

Kommune: Stad

Naturtype: Slåttemark

Utforming: Frisk fattigeng

Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 18.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 04.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten er tidlegare skildra av Gaarder & Fjeldstad (2002), Holtan (2013) og sist av Sandvik (2014) og det føreligg ein lokalitet i Naturbase (BN00003012). Lokaliteten får ein oppdatert omtale og blir vidare delt opp i tre nye lokalitetar, denne er ein av dei.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein svakt søraustvendt li på Indre Totland like nord for riksveg 13 og like vest for Rimstadelva, på nordsida av Eidfjorden i Stad kommune. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen består av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei slåttemark med utforming frisk fattigeng. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten hovudsakleg ei intermediaær eng med klart hevdpreg (T32-C-4). Slåttemark er kritisk truga (CR) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: I lokaliteten vart det talt 20 rosettar av solblom (VU), ingen blomar. Av andre gode engartar vart det registrert tepperot, blåklokke, jordnøtt, beitesvever, flekkmarihand, gulaks, tiriltunge, blåknapp, kystmaure, finnskjegg, knegras, geitsvingel, engkvein, smalkjempe, hårsveve, engfrytle, kystgrisorøyre og grov nattfiol. Elles vart det registrert andre artar som blåbær, kvitveis, engsol-eie, engsyre, arve, nyseryllik, gullris, raudkløver, blåtopp, englodnegras, legeveronika, smyle, blokkebær, røsslyng, engrapp, stormarimjelle og kvitkløver i lokaliteten.


Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er ein intakt inngjerda slåttemark som blir slått om våren og beita om hausten. Lokaliteten har ingen spor etter gjødsling.

Framande artar: Ingen registrert.

Del av heilskapleg landskap: Kulturlandskap held på å forsvinne i Stad kommune og bli erstatta med sterkt endra mark, og denne lokaliteten er ein av dei få semi-naturlege enga som står att i kommunen. Lokaliteten er òg ein av to lokalitetar som har intakte populasjonar av solblom. Det ligg fleire lokalitetar av semi-naturleg mark i Indre Totland som kan vere mottakelege for fleire engartar.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet bør området halde fram med slått om våren og haustbeite etter at frøspreiinga har skjedd. Det vil òg vere til fordel å fjerne trea som skuggar over lokaliteten. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår låg vekt på storleik (0,1 daa) og typevariasjon, middels vekt på artsmangfald, god vekt på tilstand og påverknad og låg vekt på landskapsøkologi. Samla verdi blir vurdert til B (viktig).



Figur 41 Lokaltet 36-38 på Totland i Stad kommune.



Figur 42 Delar av slåttemarka. Foto: Ardian Høgøy Abaz.

6.37 Indre Totland nordaust

Kommune: Stad

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 18.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 04.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten er tidlegare skildra av Gaarder & Fjeldstad (2002), Holtan (2013) og sist av Sandvik (2014) og det føreligg ein lokalitet i Naturbase (BN00003012). Lokaliteten får ein oppdatert omtale og blir vidare delt opp i tre nye lokalitetar, denne er ein av dei.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein svakt søraustvendt li på Indre Totland like nord for riksveg 13 og like vest for Rimstadelva, på nordsida av Eidfjorden i Stad kommune. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen består av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon. Lokaliteten er omringa av nokså oppgjødsla mark samt andre små semi-naturlege engar, i tillegg at den grensar til skog i nord.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei naturbeitemark med utforming fattig beiteeng. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten ei intermediær eng med ekstensivt og svakt intensivt hevdpreg (T32-C-4). All kulturmarkseng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Av gode engartar vart det registrert jordnøtt, blåknapp, blåklokke, kystmaure, gulaks, engkvein, raudsvingel, knegras, bleikstorr, flekkmariland, harerug, beitesvever, hårsveve, aurrkelsveve, bråtestorr, tepperot, prestekrage og tiriltunge. Av andre artar i området vart det òg registrert kvitkløver, raudkløver, fjellblom, blåkoll, blåbær, harestorr, smyle, englodnegras, blåtopp, skogburkne, einstape, engsyre, kvitveis, blokkebær, myrfiol, arve, småsyre, ryllik, lyssiv, engkarse, fagerperikum, knappsiv, firkantperikum samt små skot av osp.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er ein intakt naturbeitemark som blir beitet av storfe. Lokaliteten er nokså lite påverka av gjødsling men grensar til meir sterkt endra mark nedanfor lisiden. Langs ytterkanten i nord er det noko attgroing av einstape, men feltsjiktet under er likevel prega av ein del engartar.

Framande artar: Ingen registrert.

Del av heilskapleg landskap: Kulturlandskap held på å forsvinne i Stad kommune og bli erstatta med sterkt endra mark, og denne lokaliteten er ein av dei få semi-naturlege enga som står att i kommunen. Lokaliteten er òg ein av to lokalitetar som har intakte populasjonar av solblom. Det ligg fleire lokalitetar av semi-naturleg mark i Indre Totland som kan vere mottakelege for fleire engartar. Potensialet for beitemarkssopp er stort.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet bør området halde fram med slått om våren og haustbeite etter at frøspreiinga har skjedd. Det vil òg vere til fordel å fjerne trea som skuggar over lokaliteten. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

Del av heilskapleg landskap: Kulturlandskap held på å forsvinne i Stad kommune og bli erstatta med sterkt endra mark, og denne lokaliteten er ein av dei få semi-naturlege enga som står att i kommunen. Lokaliteten er òg ein av to lokalitetar som har intakte populasjonar av solblom. Det ligg fleire lokalitetar av semi-naturleg mark i Indre Totland som kan vere mottakelege for fleire engartar.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet bør området halde fram med same hevd. Det vil òg vere til fordel å fjerne attgroingsartar til fordel for engartane. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår middels vekt på storleik (1,9 daa), artsmangfald, tilstand og påverknad. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 43 Nokre av bakkane. Foto: Ardian Høggøy Abaz.

6.38 Indre Totland (vest)

Kommune: Stad

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: B (viktig)

Innleiing: Lokaliteten er skildra 18.09.2021 av Ardian Høggøy Abaz (Miljøfaglig Utredning) basert på eige feltarbeid 04.07.2021 saman med John Bjarne Jordal (Miljøfaglig Utredning). Feltarbeidet vart utført i samband med kartlegging av skjøtselskrevjande naturtypar på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Raudlistestatus er med grunnlag i Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015). Lokaliteten er tidlegare skildra av Gaarder & Fjeldstad (2002), Holtan (2013) og sist av Sandvik (2014) og det føreligg ein lokalitet i Naturbase (BN00003012). Lokaliteten får ein oppdatert omtale og blir vidare delt opp i tre nye lokalitetar, denne er ein av dei.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein svakt søraustvendt li på Indre Totland like nord for riksveg 13 og like vest for Rimstadelva, på nordsida av Eidfjorden i Stad kommune. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Berggrunnen består av gneis, ein bergart som ikkje gjev grunnlag for rikare vegetasjon. Lokaliteten er omringa av nokså oppgjødsla mark samt andre små semi-naturlege engar, i tillegg at den grensar til skog i nord.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ei naturbeitemark med utforming fattig beiteeng. Etter NiN 2.2.0 er lokaliteten ei intermediær eng med ekstensivt og svakt intensivt hevdpreg (T32-C-4). All kulturmarkseng er sårbar (VU) i Raudliste for naturtypar.

Artsmangfald: Av gode engartar vart det registrert finnskjegg, engkvein, engfrytle, heisiv, gulaks, knegras, blåknapp, blåklokke, smalkjempe, tepperot, hårsveve, kystmaure og jordnøtt. Elles vart det òg registrert englodnegras, smyle, harestorr, blåtopp, fagerperikum, knappsiv, blåkoll, einstape, smørteleg, kvitkløver, revebjelle, småsyre, ryllik, sisselrot, kvitveis, engsyre, og legeveronika. Ein askebusk (VU) veks i området. Potensiale for beitemarkssopp i lokaliteten er stor.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er ein intakt naturbeitemark som blir beitet av storfe. Lokaliteten er nokså lite påverka av gjødsling. Langs ytterkanten i nordvest og sørvest er det noko attgroing av einstape.

Framande artar: Ingen registrert.

Del av heilskapleg landskap: Kulturlandskap held på å forsvinne i Stad kommune og bli erstatta med sterkt endra mark, og denne lokaliteten er ein av dei få semi-naturlege enga som står att i kommunen. Lokaliteten er òg ein av to lokalitetar som har intakte populasjonar av solblom. Det ligg fleire lokalitetar av semi-naturleg mark i Indre Totland som kan vere mottakelege for fleire engartar.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på artsmangfaldet bør området halde fram med same hevd. Det vil òg vere til fordel å fjerne attgroingsartar til fordel for engartane. Lokaliteten bør ikkje gjødslast.

Verdisetting: Lokaliteten oppnår låg vekt på storleik (0,5 daa), og middels vekt på artsmangfald, tilstand og påverknad. Samla sett er lokaliteten vurdert til verdi B, viktig.



Figur 44 Øvre delar av beitemarka, med nokre einerbusker i kantsona. Foto: Ardian Høggøy Abaz.

6.39 Stemnebø aust

Kommune: Gulen

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: Viktig

Innleiing: Skildringa er utarbeida 11.04.2022 av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, på grunnlag av eige feltarbeid 12.10.2021. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018) og raudlistestatus for artar etter Norsk raudliste for artar (Artsdatabanken 2021).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Hisarøyna i Gulen kommune. Her er det ei lita grend der avgrensa lokalitet ligger i austkanten av denne. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn. Lokaliteten grensar mot skogmark og attgrodd kulturlandskap i nord, aust og vest, samt mot meir gjødsla eng i sør. Berggrunnen består av gneis og er tydeleg ganske kalkfattig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermediaær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfald: Det vart funne eit par engplanter typiske for semi-naturleg eng her, som tepperot, kystmaure og gulaks, i tillegg til beitemarksoppen bleiktuppa småkøllesopp. Det er potensial for fleire artar, men ikkje særleg høgt.


Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har utvilsamt vore ei slåttemark tidlegare, men må i lengre tid ha vore mest skjøtta som beitemark og vert for tida beita av sau. Beitetrykket er middels godt, men det er litt langsam attgroing her, mest med einer og lauvkratt frå sidene. Medan beitetrykket på sentrale enger er godt, fører nok lokaliseringa til ein utkant og noko skugge til at det vert noko svakare her. Det er grunn til å tru at det har vore litt gjødsling her tidlegare, men det er no mest eit preg av semi-naturleg eng.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår som naturleg del av eit lite, ganske heilskapleg prega kulturlandskap på Stemnebø, der det meste av innmarka vert skjøtta med sauebeite. I tillegg er det tre små gardsbruk her med tilhøyrande gardstun, som alle verkar velhaldne. Det vart også funne eit par andre semi-naturlege enger på Stemnebø under same synfaring, og den ekstensive bruken fører til at også resten av engarealet sakte er i ferd med å få eit aukande preg av semi-naturleg mark.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på naturtypen og artsmangfaldet som er knytt til han bør området framleis beitast og ikkje gjødslast. Det er ein klar fordel om det vert rydda noko lauvskog i kantsonane samt teke vekk litt einer på enga, for å få auka lystilgang og dermed at enga vert meir attraktiv for beitedyra.

Verdisetting: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten middels vekt på storleik (så vidt over 1 daa), låg vekt på artsmangfald, oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar, får middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).



Figur 45 Lokaltet 39-41 på Stemnebø på Hisarøyna i Gulen kommune.



Figur 46 Det er lit preg av attgroing i kantsoner og beitetrykket er noko svakt. Foto: Geir Gaarder.

6.40 Stemnebø nord

Kommune: Gulen

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: Viktig

Innleiing: Skildringa er utarbeida 11.04.2022 av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, på grunnlag av eige feltarbeid 12.10.2021. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018) og raudlistestatus for artar etter Norsk raudliste for artar (Artsdatabanken 2021).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Hisarøyna i Gulen kommune. Her er det ei lita grend der avgrensa lokalitet ligger i austkanten av denne. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn. Lokaliteten grensar mot skogmark og attgrodd kulturlandskap i nord, og dels aust og vest, samt mot meir gjødsla eng i sør. Berggrunnen består av gneis og er noko kalkfattig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermediaær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6), men helst også noko intermediaær eng med klart hevdpreg (T32-C4). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfald: Det vart funne eit par engplanter typiske for semi-naturleg eng her, som tepperot, kystmaure og gulaks, i tillegg til beitemarksoppene engvokssopp, papegøyevokssopp, elfenbenshette, kantarellvokssopp, limvokssopp, mønjevokssopp og hvit køllesopp. Det er potensial for fleire artar, kanskje også raudlisteartar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har utvilsamt vore ei slåttemark tidlegare, men må i lengre tid ha vore mest skjøtta som beitemark og vert for tida beita av sau. Beitetrykket er ganske godt, men det er litt langsam attgroing her, mest med einer frå nordsida, samt aukande skuggeverknad frå oppveksande skog rundt. Det er grunn til å tru at det har vore litt gjødsling her tidlegare, men mest i kantsonar mot sør og i kantsonar mot skogen kan det har vore lite gjødsling.

Framande artar: Ingen registrerte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår som naturleg del av eit lite, ganske heilskapleg prega kulturlandskap på Stemnebø, der det meste av innmarka vert skjøtta med sauebeite. I tillegg er det tre små gardsbruk her med tilhøyrande gardstun, som alle verkar velhaldne. Det vart også funne eit par andre semi-naturlege enger på Stemnebø under same synfaring, og den ekstensive bruken fører til at også resten av engarealet sakte er i ferd med å få eit aukande preg av semi-naturleg mark.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på naturtypen og arts mangfaldet som er knytt til han bør området framleis beitast og ikkje gjødslast. Det er ein klar fordel om det vert rydda noko lauvskog i kantsonane samt teke vekk litt einer på enga, for å få auka lystilgang og dermed at enga vert meir attraktiv for beitedyra.

Verdisetting: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten middels vekt på storleik (1,9 daa), låg vekt på arts mangfald, oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar, får middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).



Figur 47 Beitetrykket er ganske godt på denne lokaliteten. Foto: Geir Gaarder

6.41 Stemnebø sør

Kommune: Gulen

Naturtype: Naturbeitemark

Utforming: Fattig beiteeng

Verdi: Svært viktig

Innleiing: Skildringa er utarbeida 11.04.2022 av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning, på grunnlag av eige feltarbeid 12.10.2021. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i oppdaterte faktaark for naturbeitemark frå 2018 (Miljødirektoratet 2018), raudlistestatus etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018) og raudlistestatus for artar etter Norsk raudliste for artar (Artsdatabanken 2021).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Hisarøyna i Gulen kommune. Her er det ei lita grend der avgrensa lokalitet ligger i austkanten av denne. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i eigne observasjonar og artsfunn. Lokaliteten grensar mot strandberg ned mot sjøen i sør, dels også litt skog der, samt mot skog/gammal hagemark i aust og mot meir gjødsla eng i nord. Berggrunnen består av gneis og er tydeleg ganske kalkfattig.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar naturbeitemark med utforminga fattig beiteeng. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak intermediaær eng med klart hevdpreg (T32-C4), men også litt intermediaær eng med svakt preg av gjødsling (T32-C6), og i små parti finst også svakt kalkrik eng med klart hevdpreg (T32-20). Naturtypen semi-naturleg eng (T32) er oppført på raudlista for naturtypar som sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018).

Artsmangfald: Det vart funne eit par engplanter typiske for semi-naturleg eng her, som tepperot, kystmaure, knegras, smalkjempe, finnskjegg og gulaks. I tillegg kan nemnast heiblåfjær og purpurlyng (NT). Lokaliteten har ganske god førekomst av beitemarksopp. Mest interessante funn var ein førekomst av grå narremusserong (EN) og to funn av gul slimvokssopp (VU). Elles kan nemnast kantarellvokssopp, seig vokssopp, skjør vokssopp, papegøyevokssopp, engvokssopp, honningvokssopp, grå vokssopp, krittovokssopp, gul kjeglevokssopp, svartduggvokssopp, sumpvokssopp, elfenbeins-hette, silkeraudspore, skjeljordtunge, flammefotrødspore, brunsvart jordtunge, gul småkøllesopp og kvit køllesopp. Lengst vest vart marsipankremle funne, ein noko uvanleg mykorrhiza-sopp. I alt vart det påvist 20 artar beitemarksopp her, og det er godt potensial for fleire, også raudlista og truga artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Delar av lokaliteten har nok vore slåttemark tidlegare, særlig kantsonar mot oppgjødsla eng i nord, men det er også klart at ein del i lang tid har vore beitemark, særleg dei grunnlendte, sørlege delane. No vert lokaliteten beita av sau og beitetrykket er til dels godt, særleg i nordlege delar. I sør er det ein del attgroing med høg einer og både der og dels også i nord-aust ein del einstape, som fører til at dyra ikkje lenger kjem til og får beita skikkeleg. Det har vore rydda litt einer lengst aust (gjort ein fin jobb). Helst har det vore litt gjødsla i kantsoner mot nord, men m.a. funnet av grå narremusserong vitnar om engparti som er svært gamle og omtrent aldri har fått tilført gjødsel av noko omfang.

Framande artar: Det vart så vidt funne sitkagran i aust.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten inngår som naturleg og sentral del av eit lite, ganske heilskapleg prega kulturlandskap på Stemnebø, der det meste av innmarka vert skjøtta med sauebeite. I tillegg er det tre små gardsbruk her med tilhøyrande gardstun, som alle verkar velhaldne. Det vart også funne eit par andre semi-naturlege enger på Stemnebø under same synfaring, og den eksten-sive bruken fører til at også resten av engarealet sakte er i ferd med å få eit aukande preg av semi-naturleg mark.

Skjøtsel og omsyn: For å ta vare på naturtypen og artsmangfaldet som er knytt til han bør området framleis beitast og ikkje gjødslast. Det er naudsynt og viktig at det vert rydda ein del einer i sør for å få opna opp att beitemarka slik at dyra kjem betre til. Det er også ønskeleg å få slått ned einstape eit par gongar i sesongen over nokre år slik at denne bregna går markert attende.

Verdisetting: Etter oppdaterte faktaark frå 2018 oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (nesten 20 daa), låg vekt på artsmangfald, høg vekt på raudlisteartar (1 EN, 1 VU), får middels vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien A (svært viktig).



Figur 48 Dei nordre delane sett frå nord. Her er det ope og ganske godt beita, om enn noko dominans av einstape på øvre delar. Foto: Geir Gaarder.



Figur 49 Parti i sørvet, der det er attgroing med einer og aukande problem for sauen å kome fram. Foto: Geir Gaarder

6.42 Haugen sør

Kommune: Øygarden

Naturtype: Kystlynghei

Utforming: Fattig fukthei

Verdi: B (viktig)

Innleiing: Skildringa er utarbeida 05.04.2022 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 13.10.2021. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i utkast til faktaark for kystlynghei frå 2014 (Miljødirektoratet 2015). Raudlistestatus er etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018) og Norsk raudliste for artar (Artsdatabanken 2021). Risikovurdering av framande artar etter Fremmedartslista (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Øygarden kommune, ved Trengereid sør for Fjell. Lokaliteten ligg nord for Borddalen, og skråner frå Haugen og ned mot Botnen i søraust. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i observasjonar i felt, supplert med flyfototolking. I aust går avgrensinga mot ein gamal steingard, i søraust går ho mot vatnet Botnen og i sørvest mot Borddalen med skog og myr. I nord er lokaliteten avgrensa mot meir gjengrodd kystlynghei og i nordvest delvis på grunnlag av topografi, der lokaliteten strekker seg utanfor det aktuelle undersøkingsområdet. Berggrunnen i området består av gneis, som er ein svært kalkfattig bergart, utan noko særleg dekke av lausmassar. Lokaliteten ligg i klart oseanisk bioklimatisk seksjon og i boreonemoral bioklimatisk sone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar kystlynghei med utforminga fattig fukthei. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak kalkfattig kystlynghei (T34-C-2), men med innslag av flekkar med intermediaær eng med klart hevdpreg (T32-C-4) og fuktigare parti med svært og

temmelig kalkfattige myrkanter (V1-C-5). Naturtypen kystlynghei (T34) er oppført på raudlista for naturtypar som sterkt trua (EN), mens semi-naturleg eng er sårbar (VU) (Artsdatabanken 2018). Kystlynghei med B-verdi eller høgare, slik som denne, er dessutan utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Artsmangfald: Lokaliteten har jamt med røsslyng, i tillegg til andre typiske artar for kalkfattig kystlynghei som blåtopp, rome og bjønnskjegg. Det er òg registrert noko klokkelyng og tyttbær, og mot vatnet i sørvest er det ei flate med mykje einstape. Kystlyngheia har ein del einer, enkelte låge furutre og litt bjørk. Raudlistearten purpurlyng (NT) vart funne i området opp mot Haugen, ca midt i lokaliteten. På flekkar med semi-naturleg eng vart det registrert honningvokssopp, kritt vokssopp, kantarellvokssopp, seig vokssopp, skjør vokssopp, gul småkøllesopp, papegøye vokssopp, gul kjeglevokssopp, kystmaure, tepperot og finnskjegg. Lokaliteten har truleg potensiale for fleire artar av beitemarksopp.


Bruk, tilstand og påverknad: Grunneigarane opplyste at det er rundt 30 år sidan området var i drift sist, da i hovudsak med sau som beitedyr, men at kystlyngheia truleg ikkje har vore brent etter 60-talet. Eit mindre område ned mot Botnen er påfallande jamt flatt og kan ha vore brukt til slått eller anna meir intensiv aktivitet. I dag er einstape absolutt dominerande art der. Kystlyngheia er i dag i gjengroing med gamal og grov røsslyng, mykje og delvis høgvakse einer, og innslag av lågvekse tre. Dagens eigar ønsker å ta i bruk og sette i stand kystlyngheia.

Framande artar: Lokaliteten har spreidde førekomstlar av framandartar med enkelte sprikemispel (SE) og sitkagran (SE). I Borrdalen, sørvest for lokaliteten, veks det meir og større sitkagran.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der mesteparten av landskapet omkring tidlegare har vore drive som kystlynghei, men der mykje av areala ikkje lengre er i bruk og no er i ein eller annan fase av gjengroing. I Naturbase er det registrert fleire relative store lokalitetar med kystlynghei nokre kilometer sør og vest for denne, men det er ikkje sjekka opp korleis tilstanden er i desse i dag og om dei blir skjøtta.

Skjøtsel og omsyn: For å restaurere kystlyngheia vil det i starten vere lurt å gjerde inn mindre område og sette på beitedyr. Villsau er det beste, men det kan fungere greitt med storfe òg. Dyra vil beite ned ein del av vegetasjonen og ein kan hjelpe til med manuell rydding, men dette er krevjande over store areal. Tre og buskar som blir hogd bør helst bli fjerna frå området, for å unngå oppgjødslingseffekt. Brenning bør ein nok starte med først etter nokre år, dette vil fjerne gamal lyng og anna som beitedyra ikkje tar. Brenninga må skje kontrollert og utførast under riktige forhold/årstid. Det vil vere enklast å starte med dei områda som er mest opne i dag, og som er mest tilgjengelege for å få ut beitedyra. Beitetrykket må heile tida bli tilpassa til beitegrunnlaget, og det er viktig med godt vinterbeite. Framande artar bør bli fjerna og ein bør unngå fysiske inngrep i lokaliteten.

Verdisetting: Etter faktaark frå 2014 oppnår lokaliteten middels vekt på storleik (ca 182 daa), låg vekt på tilstand, middels vekt på påverknad/bruk og låg vekt på raudlisteartar. Til saman blir lokaliteten vurdert å ha verdien B (viktig).



Figur 50 Lokaltet 42 Haugen sør og 43 Eikelifjellet-Skinka i Øygarden kommune.



Figur 51 Utsyn over lynchheiane. Foto: Sara Margrete Gilberg Nyjordet.



Figur 52 Parti ned mot fjorden, med stadvis mykje einstape. Foto: Sara Margrete Gilberg Nyjordet.

6.43 Eikelifjellet-Skinka

Kommune: Øygarden

Naturtype: Kystlynghei

Utforming: Fattig fukthei

Verdi: C (lokalt viktig)

Innleiing: Skildringa er utarbeida 05.04.2022 av Sara Margrete Gilberg Nyjordet, på grunnlag av eige feltarbeid 13.10.2021. Undersøkinga er gjort på oppdrag for Statsforvaltaren i Vestland. Lokaliteten er ikkje kartlagd tidlegare. Verdisetting og typeinndeling er gjort med grunnlag i utkast til faktaark for kystlynghei frå 2014 (Miljødirektoratet 2015). Raudlistestatus er etter Norsk raudliste for naturtypar (Artsdatabanken 2018), og risikovurdering av framande artar etter Fremmedartslista (Artsdatabanken 2018).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Øygarden kommune, ved Trengereid sør for Fjell. Lokaliteten ligg sør for Borddalen, og som ei hestesko rundt Skinkevatnet. Lokaliteten er avgrensa med grunnlag i observasjonar i felt, supplert med flyfototolkning. Fleire plassar er avgrensinga trekt mot område som er for gjengrodde til å bli teke med som kystlynghei innanfor lokaliteten. Ein del plassar går avgrensinga mot vatn eller større myrområde. I nord kunne lokaliteten blitt strekt lengre, men er avslutta fordi han allereie er strekt utanfor det aktuelle undersøkingsområdet. Berggrunnen i området består av gneis, som er ein svært kalkfattig bergart, utan noko særleg dekke av lausmassar. Lokaliteten ligg i klart oseanisk bioklimatisk seksjon og i boreonemoral bioklimatisk sone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten omfattar kystlynghei med utforminga fattig fukthei. Etter NiN 2.2 har lokaliteten i hovudsak kalkfattig kystlynghei (T34-C-2), men med innslag av ein del fuktigare parti med svært og temmelig kalkfattige myrkanter (V1-C-5). Naturtypen kystlynghei (T34) er oppført på raudlista for naturtypar som sterkt trua (EN) (Artsdatabanken 2018). Kystlynghei med B-verdi eller høgare er dessutan utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Artsmangfald: Lokaliteten har jamt med røsslyng, i tillegg til andre typiske artar for kalkfattig kystlynghei som blåtopp, rome og bjønnskjegg. Det er òg registrert noko klokkeling og tyttbær, i tillegg til ein del einer. Kystlyngheia har mykje sitkagran, norsk furu og framand furu som veks spreidd i heile lokaliteten, i tillegg finst det litt bjørk og osp.

Bruk, tilstand og påverknad: Grunneigarane opplyste at det er rundt 30 år sidan området var i drift sist, da i hovudsak med sau som beitedyr, men at kystlyngheia truleg ikkje har vore brent etter 60-talet. Kystlyngheia er i dag i gjengroing med gamal og grov røsslyng, mykje og delvis høgvakse einer, og spreidd med tre av både norske og framande treslag. Utanfor avgrensinga til lokaliteten er det tettare med tre som over tid spreier seg inn i dei enno opne delane av kystlyngheia. Dagens eigar ønsker å ta i bruk og sette i stand kystlyngheia

Framande artar: I heile lokaliteten finst det spreidd med sitkagran (SE) og framand furu (SE), som spreier seg frå tettare bestandar utanfor lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område der mesteparten av landskapet omkring tidlegare har vore drive som kystlynghei, men der mykje av areala ikkje lengre er i bruk og no er i ein eller annan fase av gjengroing. I Naturbase er det registrert fleire relative store lokalitetar med kystlynghei nokre kilometer sør og vest for denne, men det er ikkje sjekka opp korleis tilstanden er i desse i dag og om dei blir skjøtta.

Skjøtsel og omsyn: For å restaurere kystlyngheia vil det i starten vere lurt å gjerde inn mindre område og sette på beitedyr. Villsau er det beste, men det kan fungere greitt med storfe òg. Dyra vil beite ned ein del av vegetasjonen og ein kan hjelpe til med manuell rydding, men dette er krevjande over store areal. Tre og buskar som blir hogd bør helst bli fjerna frå området, for å unngå oppgjødslingseffekt. Brenning bør ein nok starte med først etter nokre år, dette vil fjerne gamal lyng og anna

som beitedyra ikkje tar. Brenninga må skje kontrollert og utførast under riktige forhold/årstid. Det vil vere enklast å starte med dei områda som er mest opne i dag, og som er mest tilgjengelege for å få ut beitedyra. Beitetrykket må heile tida bli tilpassa til beitegrunnlaget, og det er viktig med godt vinterbeite. Framande artar og kjeldene desse spreier seg frå bør bli fjerna, og ein bør unngå fysiske inngrep i lokaliteten. Om tilgrensande område som i dag er for gjengrodde blir rydda og opna opp er det mogleg å auke lokaliteten sitt areal fleire plassar.


Verdisetting: Etter faktaark frå 2014 oppnår lokaliteten middels vekt på storleik (ca 238 daa), låg vekt på tilstand, låg vekt på påverknad/bruk og oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar. Til saman tilseier dette at lokaliteten skal få B-verdi, men etter ei samla vurdering, der særleg førekomst av framande bartre spelar inn, er han trekt ned til C-verdi (lokalt viktig). Om kystlyngheia blir restaurert og framande bartre blir fjerna har lokaliteten potensiale til å oppnå ein høgare verdi.



Figur 53 Det er tilplanta ein del sitkagran i parti. Foto: Sara Margrete Gilberg Nyjordet.



Figur 54 Magert og fuktig, men meir ope part. Foto: Sara Margrete Gilberg Nyjordet.



Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaets hovedformål er å tilby miljøfaglig rådgivning. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging og konsekvensvurdering på fagtema naturmangfold
- Skjøtselsplaner og forvaltningsplaner
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Foredragsvirksomhet

Hjemmeside: www.mfu.no

Org.nr.: 984 494 068 MVA